

Frode Sætre

Friluftsliv i ungdomsskulen etter innføringa av L97

Ei kartlegging av friluftslivsundervisning knytt til
kroppsøvingsfaget i ungdomsskulane i Møre og Romsdal



HØGSKULEN I VOLDA



Forfattar	Frode Sætre
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISBN	82-7661-212-1 (elektronisk utgåve) 82-7661-211-3 (papirutgåve)
ISSN	0805-6609
Sats	Frode Sætre
Distribusjon	http://www.hivolda.no/fou

Frode Sætre er høgskulelektor i kropssøving ved Høgskulen i Volda.

Arbeidsrapportserien er for faglege og vitskaplege arbeid som ikkje fullt ut stettar krava til forskingsrapportar. Det kan vere delrapportar innanfor større prosjekt, eller læremateriell knytt til undervisningsføremål.

Arbeidsrapportane skal vere godkjende av anten dekanus, gruppeleiar, prosjektleiar (for IAAI: instituttleiar) eller ein annan fagperson dei har utpeika og forskingskoordinator ved HVO. Kvalitetssikringa skal utførast av ein annan enn forfattar.

FORORD

Samfunnet i dag er prega av høgt tempo, effektivisering, teknologisering og ”tidsklemme”, noko som fort fører til framandgjering i høve til naturen. For at barn og unge skal verte glade i natur, må dei oppleve nærliek til natur og få mange positive opplevingar i møte med naturen. Det du er glad i vil du verne om – dei som er unge i dag kan då verte miljøbevisste vaksne.

Mange unge i dag opplever ikkje nærliek til naturen gjennom det ”daglige virke” og gjennom familielivet slik tidlegare generasjonar gjorde. Samfunnet må då skape andre arenaer der barn og unge kan få nærliek og erfaringar med liv i naturen. Skuleverket er arenaen der ein kan møte alle norske barn, og der ein gjennom læreplanar kan bestemme at barn og unge skal få opplevingar i naturen.

Gjennom L97 vart nettopp dette bestemt, og ”nærmiljø natur” (småskulesteget), ”ut i naturen” (mellomsteget) og ”friluftsliv” (ungdomsseget) vart eit av fire hovudemne innanfor kroppsøvingsfaget. Friluftsliv fekk såleis gjennom den nye læreplanen ein sterkare posisjon innanfor kroppsøvingsfaget, og det vert presisert at det skal undervisast i dette emnet.

Det som er lagt fram i avsnitta over representerer mykje av utgangspunktet for denne rapporten. Men, greier ein gjennom prioriteringar og presiseringar i fagplanar (skal) å skape mindre framandgjering og meir nærliek til natur ?

Rapporten tek for seg friluftslivsundervisning knytt til kroppsøvingsfaget på ungdomsseget. Målgruppa for rapporten er alle som er opptekne av natur og friluftsliv som ein viktig del av livet vårt.

Takk til Høgskulen i Volda som har gitt økonomiske rammevilkår til gjennomføring av prosjektet, og til medlemer ved kroppsøvingsseksjonen som har gitt råd og innspel undervegs. Ei spesiell takk til Lars Jørgen Vik for god rettleiing under innspurten av arbeidet.

Sist, men ikkje minst; takk til Ingeborg, Magne og Andreas som viser tolmod og forståing når far går i ”tenkeboksa”.

Volda, november 2004, *Frode Sætre*

INNHALDSLISTE

1 BAKGRUNN FOR UNDERSØKINGA.....	5
1.1 POLITISKE FØRINGAR	5
1.2 LÆREPLANVERKET FOR DEN 10-ÅRIGE GRUNNSKULEN.....	6
1.3 ARBEIDSRAPPORT NR. 139 OG ETTERUTDANNING	8
1.4 PROBLEMSTILLING	9
1.5 GANGEN I RAPPORTEN	10
2 METODE	12
2.1 VAL AV METODE	12
2.2 UTFORMING AV SPØRJESKJEMA	12
2.3 POPULASJON OG UTVAL	12
2.4 DATAINNSAMLINGA.....	12
2.5 UNDERSØKINGA SI PÅLITELIGHEIT.....	13
3 LÆREPLANAR OG TIDLEGARE FORSKING	15
3.1 L97 SAMANLIKNA MED M87.....	15
3.1.1 <i>L97 og friluftsliv.....</i>	<i>15</i>
3.1.2 <i>M87 og friluftsliv.....</i>	<i>19</i>
3.1.3 <i>Gjennomføring av læreplanar.....</i>	<i>21</i>
3.2 TIDLIGARE FORSKING OM FRILUFTSLIV I SKULEVERKET	22
3.2.1 <i>"Natur og friluftsliv i grunnskulen".....</i>	<i>22</i>
3.2.2 <i>"L-97 og kroppsøvingsfaget – Frå blå praktbok til grå hverdag? –"</i>	<i>24</i>
4 PRIORITERING AV FRILUFTSLIV, RESULTAT OG DISKUSJON	29
4.1 PRIORITERING AV FRILUFTSLIVSUNDERVISNING I KROPPSØVINGSTIMANE	29
4.2 ÅRSAKER TIL LAV PRIORITERING AV FRILUFTSLIV PÅ UNGDOMSSTEGET	33
4.2.1 <i>Årsaker til ikkje å undervise i friluftsliv.....</i>	<i>34</i>
4.2.2 <i>Rammefaktorar.....</i>	<i>34</i>
4.2.3 <i>Tverrfagleg samarbeid</i>	<i>38</i>
4.2.4 <i>Tradisjon/kultur ved skulen.....</i>	<i>40</i>
4.2.5 <i>Kompetanse</i>	<i>45</i>
4.2.6 <i>Behov for etterutdanning</i>	<i>48</i>
4.2.7 <i>Trivsel og personleg interesse for friluftsliv.....</i>	<i>50</i>
4.3 MÅLOPPNÅING.....	53
4.3.1 <i>Grad av måloppnåing.....</i>	<i>53</i>
5 INNHOLD OG ORGANISERING	55
5.1 NÄRMILJØFRILUFTSLIV	55
5.2 OVERNATTINGSTURAR.....	56
5.3 TYPE FRILUFTSLIV PRESENTERT I UNDERVISNINGA.....	58
5.4 EMNE SOM ER MED I FRILUFTSLIVSUNDERVISNINGA	59
5.5 TEORIUNDERVISNING I FRILUFTSLIV	60
6 OPPSUMMERING	63
6.1 PRIORITERING AV FRILUFTSLIV I UNGDOMSSKULEN I MØRE OG ROMSDAL – VIKTIGE RESULTAT	63
6.2 INNHOLD OG ORGANISERING AV FRILUFTSLIV I UNGDOMSSKULEN – VIKTIGE RESULTAT	65
6.3 TANKAR OM VEGEN VIDARE	66
REFERANSER.....	69
OVERSIKT OVER FIGURAR OG TABELLAR	71

VEDLEGG: 1. INFORMASJONSSKRIV TIL REKTORANE VED UNGDOMSSKULANE
2. SPØRJESKJEMA

1 BAKGRUNN FOR UNDERSØKINGA

1.1 Politiske føringer

Innanfor friluftsliv er St.meld. nr. 39 Friluftsliv (2001) ein viktig politisk ”vegvisar”. Denne presiserer kor viktig det er å satse på friluftsliv i det norske samfunn. Under ”Hovudlinjer i ein ny friluftslivspolitikk” vert friluftslivet definert, og det vert slått fast at det enkle friluftslivet skal prioriterast:

”Gjeldande friluftslivspolitikk legg til grunn at friluftsliv er ”opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturopplevelse”. Målsetjinga er å fremje det enkle friluftslivet – for alle, i dagleglivet og i harmoni med naturen. Friluftslivspolitikken legg hovudvekta på ein kjerne av ikkje konkurransepreg, ikkje motoriserte fritidsaktivitetar som går føre seg på allment tilgjengelege, naturprega område.” (Miljøverndep. 2001 : 11)

Vidare vert det sagt at desse rammene er gyldige sjølv om samfunnet har endra seg, og at regjeringa i hovudsak vil halde fast på denne friluftspolitikken. Men, friluftsliv treng ikkje berre vere knytt til fritid, vere enkel eller tradisjonell. Det viktigaste er at friluftslivet er miljøvennleg og helsefremjande. (Miljøverndep. 2001 : 11)

Kor viktig regjeringa meiner at friluftslivet er, kjem fram gjennom denne formuleringa:

”Det å kunne ferdast og opphalde seg i friluft er for mange ein viktig del av tilværet, **og kan ikkje erstattast av andre aktivitetar** [mi utheving]. Friluftsliv har eigenverdi i form av den umiddelbare gleda ved sjølve friluftslivsaktiviteten, naturopplevingane og høve til m.a. rekreasjon, avkopling og samvær med andre”. (Miljøverndep. 2001 : 11)

Regjeringa meiner også at ein i større grad enn det ein har gjort til no, må ta i bruk friluftsliv som verkemiddel i det helsefremjande og førebyggjande arbeidet, i eit samfunn som brukar store ressursar på reparerande tiltak. (Miljøverndep. 2001)

Innanfor friluftslivet er barn og unge eit satsingsområde og regjeringa vil styrke arbeidet med motivering og stimulering til friluftsliv, særleg dei som i dag er inaktive. Eit av dei viktigaste tiltaka er:

”• å gjennomføre ei nasjonal satsing på uteaktivitet i barnehagar, skular og skulefritidsordningar”. (Miljøverndep. 2001 : 12)

Når det gjeld friluftsliv i skule og barnehage vert det lagt vekt på kor stor del av livet skule/barnehage/skulefritidsordning er, mengd og kvalitet på friluftslivet, kven som har ansvaret, samarbeid med organisasjonar og etablering av ”Forum for friluftsliv i skulen”:

” Barn og unge lever ein stor del av livet i barnehage, skule og skulefritidsordningar. **Mengd og kvalitet** [mi utheving] på friluftsliv i barnehagar og skular betyr derfor mykje for å gi barn og unge erfaringar og opplevingar med og evner i friluftsliv. Dette er i hovudsak eit ansvar for kommunane og dei aktuelle sektorane, men friluftslivsorganisasjonane kan òg medverke i dette arbeidet. For at ein på best mogleg vis skal kunne dra nytte av organisasjonane sin kapasitet og kompetanse, bør det etablerast eit «Forum for friluftsliv i skulen» der frivillige organisasjonar, skulen, barnehagane og SFO er representerte, for å vidareutvikle samarbeidet mellom skular, barnehagar og friluftslivsorganisasjonane.” (Miljøverndep. 2001 : 81)

Gjennom presentasjon av St.meld. nr. 39 har vi sett at regjeringa ser på friluftslivet som ein svært viktig del av det norske samfunn, ikkje minst innanfor skuleverket. Stikkord som kan oppsummere er: prioritering av det enkle friluftslivet i harmoni med naturen, helsefremjing, førebygging, friluftslivet har eigenverdi og kan ikkje erstattast av andre aktivitetar, naturopplewingar, rekreasjon, avkopling, samvær med andre. I skulen er mengd og kvalitet viktig, og sist men ikkje minst: regjeringa vil gjennomføre ei nasjonal satsing på uteaktivitet i barnehagar, skular og skulefritidsordningar. Med desse retningslinene som bakgrunn kan vi gjerne satse på friluftsliv i grunnskulen.

1.2 Læreplanverket for den 10-årige grunnskulen

Rammer for friluftsliv i grunnskulen vert gitt av ”Læreplanverket for den 10-årige grunnskulen” (L97) som vart publisert i 1996, og vart innført i 1997. Gjennom dei overordna måla som gjeld for alle faga legg L97 rammer for friluftslivet. Når naturglede og friluftsliv er poengert under desse overordna måla, har vi eit godt utgangspunkt med omsyn til rammer for

friluftslivsundervisning i skuleverket. Eit mål er å skape det miljømedvitne menneske, og under punktet ”Naturglede” finn ein mellom anna at ”opplæringen må fremme glede over fysisk aktivitet og naturens storhet, over å leve i et vakkert land, over landskapets linjer og årstidenes veksling”. (KUF 1996 : 48) Vidare går det fram at ein skal leggje vekt på samanhengen mellom naturoppleving og naturforståing og at opplæringa må gi brei kunnskap om samanhengane i naturen og om samspelet mellom menneske og natur. Undervisninga skal gjere sitt til at elevane trivst med fysisk aktivitet og friluftsliv, og den skal medverke til at dei tek vare på kroppen og utviklar gode helsevanar (KUF 1996).

Planane for dei ulike faga har i L97 stor grad av regelstyring (skal-plan jf. t.d. kroppsøvingsplanen: KUF 1996 : 266). Det vil seie at planen gjennom sterkare formuleringar enn tidlegare læreplanar, set større krav til lærarane i grunnskulen når det gjeld gjennomføring av innhaldet i planen.

Gjennom L97 fekk emna friluftsliv og dans ein sterkare posisjon innanfor kroppsøvingsfaget. Friluftsliv og dans vart 2 av 4 hovudemne på ungdomsseget, og det skal undervisast i desse emna. Friluftsliv og dans fekk såleis, gjennom den nye læreplanen, ein meir tydeleg og forpliktande plass enn dei hadde i den gamle læreplanen; ”Mønsterplanen for grunnskolen” (M87). For oss som arbeider med emnet friluftsliv i høgskulen vart dette sett på som eit framsteg. Det gav større grad av legitimitet for studie i friluftsliv ved lærarutdannings-institusjonane.

L97 seier dette når det gjeld strukturen i kroppsøvingsfaget:

”Kroppsøvingsfaget er delt i fire område med fire ulike overskrifter for kvart steg. Desse områda må ein sjå på som integrerte delar i ei heilsakleg opplæring. Samstundes gir dei uttrykk for klare retningar i opplæringa som både blir utdjupa, utvida og sette inn i fleire samanhengar i skulen, sjå figuren nedanfor.” (KUF 1996 : 265)

SMÅSKULE-STEGET	SANSE-MOTORIKK	EG OG DEI ANDRE	LEIKKULTUR	NÆRMILJØ NATUR
MELLOM-STEGET	KROPPS-MEDVIT OG RØRSLE-GLEDE	SAMARBEID OG SOSIALT SAMVÆR	IDRETT OG DANS	UT I NATUREN
UNGDOMS-STEGET	FYSISK AKTIVITET OG HELSE	IDRETT	DANS	FRILUFTSLIV

(KUF 1996 : 265)

Når det gjeld friluftsliv, presiserer L97 vidare:

”Friluftsliv er eit viktig innslag i den norske kulturen. Opplæringa skal fremje glede over fysisk aktivitet og over det storslårte i naturen og dessutan fremje omsorga for dei utsette delane av naturen. Det kan gi elevane opplevingar og få dei til å forstå seg sjølve som ein del av naturen og utvikle positive holdningar hjå dei til naturvern og til miljøvern.”

(KUF 1996 : 263f)

Vi har sett over at dei fire områda på kvart trinn gir uttrykk for ”klare retningar i opplæringa” og at friluftsliv vert framheva som eit svært viktige emne i kroppsøvingsundervisninga. Dette med tanke på vidareføring av kulturarven, glede over fysisk aktivitet og det storslårte i naturen, og å utvikle forståing for natur- og miljøvern. På småskulesteget finn vi hovudemnet ”Nærilmjø Natur”, på mellomsteget ”Ut i naturen” og på ungdomssteget heiter det ”Friluftsliv”. Dette forpliktar, og alle kroppsøvingslærarar skal no etter planen undervise i friluftsliv uavhengig av kvalifikasjonar i emnet.

1.3 Arbeidsrapport nr. 139 og etterutdanning

Av Arbeidsrapport nr. 139 frå Høgskulen i Volda går det fram at behovet for vidareutdanningskurs er størst hjå respondentane innanfor friluftsliv (35,9%), fysisk aktivitet og helse (14,9%) og aktivitetslære (13,8%). Friluftsliv vert prioritert av absolutt flest respondentar (35,9%) m.o.t. vidareutdanning (Sætre 2003).

Samtidig viste rapporten at heile 77,9% av respondentane meiner at moglegeheitene som arbeidsgivar gir for deltaking i vidareutdanning med løn er dårlege. 53,2% meiner det same vedrørande etterutdanning. Heile 72,7% av respondentane meiner at det er dårlege

moglegheiter for å få dekt utgiftene av arbeidsgivar til vidarteutdanning medan 53,1% meiner dette vedrørande etterutdanning.

Andre undersøkingar viser at stort arbeidspress/dårleg tid i arbeidssituasjonen og vanskar med å få økonomisk støtte fra arbeidsgivar, er dei viktigaste grunngivingane for å ikkje ta del i idrettsfagleg etter- og vidareutdanning.Ut frå denne og andre undersøkingar kan det sjå ut som arbeidsgivarsida må betre rammevilkåra (spesielt økonomi og tid) for deltaking i etter- og vidareutdanning (Sætre 2003).

Det bør også nemnast at etter L97-innføringa hadde kroppsøvingsseksjonen eit storstilt etterutdanningsopplegg i regionen. Friluftsliv var eit emne som nesten alle skular hadde behov for etterutdanningskurs i. Kursa vart køyrt som dagskurs og behovet for fleire kurs er truleg stort, då det er avgrensa kor mykje ein kan lære på ein dag. Vi får også stadig førespurnader frå grunnskular i fylket vedrørande kursing i emnet friluftsliv, noko som er eit tydeleg signal om behov for påfyll av kunnskap.

1.4 Problemstilling

St.meld. nr. 39 og L97 seier altså at friluftsliv er eit satsingsområde i det norske samfunn generelt og i den norske skulen spesielt. Gjennom L97 har friluftsliv vorte eit av 4 hovudemne som skal prioriterast i kroppsøvingsfaget. Vi ser av Arbeidsrapport nr.139 at friluftsliv vert prioritert av absolutt flest respondentar (35,9%) med omsyn til vidareutdanning, og ut frå denne og andre undersøkingar kan det sjå ut som arbeidsgivarsida må betre rammevilkåra (spesielt økonomi og tid) for deltaking i etter- og vidareutdanning (Sætre 2003). I tillegg viste eg til at etter L97 innføringa, var friluftsliv eit emne som nesten alle skular hadde behov for etterutdanningskurs i, og at emnet er det som seksjonen stadig får førespurnader om når det gjeld kurs.

Det er greitt nok å ha satsingsområde, både i samfunn og skule, men er (i dette tilfellet) skulen/lærarane klar til å satse, og har dei kompetanse til å satse?

Fleire av dei nemnde faktorane peikar i retning av at ein gjennom L97 har gjort obligatorisk eit emne som mange kroppsøvingslærarar i grunnskulen har mangefull kompetanse til å undervise i/slit med å gjere meiningsfullt for elevane. Når ein då i tillegg ser at Sætre (2003) og andre undersøkingar peikar i retning av dårlige rammevilkår for etter- og vidareutdanning, vil det vere svært interessant å sjå på kva som faktisk skjer ute i grunnskulane når det gjeld friluftslivsundervisning, og korleis dei som underviser i kroppsøving faktisk opplever denne

undervisninga. Ut frå dette vil det vere naturleg å gjennomføre undersøkinga ut frå desse problemstillingane:

- *Kva for vektlegging/prioritet får hovudemnet friluftsliv i kroppsøvingsfaget i ungdomsskulane i Møre og Romsdal?*
- *Kva kan vere årsakene til den vektlegginga/prioriteringa som undersøkinga viser?*
- *Kva for innhald og organisering har friluftslivsundervisning knytt til kroppsøvingsfaget i ungdomsskulane i Møre og Romsdal ?*

Problemstillinga er avgrensa til å gjelde ungdomsskulen. Dette er gjort for å kome i mål med undersøkinga innanfor rådande ressursramme, og det er på ungdomssteget at omgrepet friluftsliv vert brukt i fagplanen.

Generelt kan ein seie at undersøkinga vert gjort for å få meir kunnskap om friluftslivet sin plass i kroppsøvingsfaget i ungdomsskulen. Meir konkret vert det her gjort eit forsøk på å finne ut korleis friluftslivsundervisning vert prioritert innanfor kroppsøvingsfaget, og prøve å finne årsaker til at prioriteringane er slik undersøkinga viser. Vidare er det også viktig å få meir kunnskap om innhald og organisering. For ein høgskule som har friluftsliv som satsingsområde, er slik kunnskap viktig for å kunne planlegge/justere studietilboda våre. Vi vil også lettare kunne planlegge relevante etterutdanningskurs for dei som underviser i friluftsliv. Totalt sett gir dette oss eit betre grunnlag for å ivareta idrettsfagleg utdanna personell sine yrkes- og utdanningsmessige interesser.

Av det omfangsrike problemfeltet vert store delar av rapporten deskriptiv og brei då vi først og fremst har behov for å skaffe oss ei oversikt over problemfeltet.

1.5 Gangen i rapporten

Det vert no presentert ein metodedel som gjer greie for korleis ein har gått fram for å svare på problemstillingane. I denne delen vert det også gjort metodiske vurderingar.

Deretter kjem ein teoridel der L97 vert samanlikna med M87 når det gjeld vektlegging av- og formuleringar vedrørande friluftsliv. Vidare set teoridelen søkelyset på tidlegare undersøkingar om friluftsliv og kroppsøving i grunnskulen, med relevans for denne undersøkinga. Så kjem ein kombinert resultat- og drøftingsdel der resultat vedrørande prioritering av friluftsliv, og årsaker til prioriteringane, vert presentert og drøfta undervegs.

Vidare kjem ein eigen resultatdel knytt til innhald og organisering. Resultat vert her presentert utan vidare drøfting – berre med korte kommentarar. Til slutt kjem ei oppsummering der viktige funn vert trekte fram.

2 METODE

2.1 Val av metode

Ved utarbeiding av spørjeskjema vart spørsmålslista stor, og det mest formålstjenlige er då ei kvantitativ undersøking (survey-metoden), der ein nyttar statistisk analysemetode og brukar deskriptiv statistikk. Det vart derfor nytta eit spørjeskjema med faste svaralternativ.

Ved eit seinare høve kan ein utføre ei kvalitativ analyse av resultat som er spesielt interessante frå denne undersøkinga – ein får empiri som ein kan bygge vidare på/fordjupe seg i. Ut frå ressursramma som er til rådvelde for dette prosjektet må det prioriterast, og ei kvantitativ analyse er mogleg å gjennomføre innanfor rådande ramme.

2.2 Utforming av spørjeskjema

Spørjeskjemaet (vedlegg 2) er utforma på grunnlag av ei problemliste som kom fram etter ein gjennomgang av kva for spørsmål som kunne ha særleg relevans for å beskrive problemfeltet. Ei viktig oppgåve i denne samanheng var å kome ut med eit spørjeskjema som kunne vere eigna som måleinstrument i relasjon til respondentane si oppleveling av dei nemnde faktorane. Dette problemet kan eigentleg berre avgjerast ved skjønn. Det vart utforma fleire utkast til spørjeskjema. Desse vart gjennomdrøfta og prøvde med ei mindre gruppe studentar og kollegaer ved kroppsøvingsseksjonen.

2.3 Populasjon og utval

Det er 88 ungdomsskular i fylket. Spørjeskjemaet vart sendt til kroppsøvingslærarane ved alle desse skulane.

2.4 Datainnsamlinga

Sju eksemplar av spørjeskjemaet vart sendt til rektorane ved dei 88 ungdomsskulane i byrjinga av november 2003. Talet 7 vart valt ut frå telefonsamtalar og drøftingar med rektorane på dei største ungdomsskulane i fylket. Det var ikkje mogleg for Utdanningsavdelinga å få fram namn på alle lærarar som underviser i kroppsøving ved dei ulike ungdomsskulane i fylket. Dette er årsaka til at spørjeskjemaet vart sendt til rektorane og ikkje direkte til kroppsøvingslærarane. Det vart laga eit fylgjeskriv til rektorane (vedlegg 1),

der det vart gitt informasjon om undersøkinga, og uttrykt ynskje om hjelp til distribusjon av spørjeskjemaet til kroppsøvingslærarane ved skulen.

Fremst i spørjeskjemaet vart det lagt ved eit fylgjeskriv til respondentane som hadde til føremål å gjere forsøkspersonane kjende med undersøkinga og å motivere til medverknad.

Av dei 88 ungdomsskulane som spørjeskjemaet vart sendt til, var det 2 av skulane som ikkje hadde elevar på ungdomssteget det aktuelle året og 1 var spesialskule utan ordinær kroppsøvingsundervisning. Det reelle antal ungdomsskular som kunne vere med i undersøkinga vert då 85. Av desse vart det sendt utfylte spørjeskjema i retur frå 55 av ungdomsskulane. Det inneber at 64,7% av ungdomsskulane i Møre og Romsdal er representerte i undersøkinga. Når det gjeld geografisk spreiing på dei 55 skulane, så er 26 av skulane i Sunnmørs-regionen, 18 i Romsdals-regionen og 11 i Nordmørs-regionen.

På dei 55 ungdomsskulane som er representerte i undersøkinga har 147 av 233 kroppsøvingslærarar returnert spørjeskjemaet i tilfredsstillande utfylt stand, noko som utgjer ein reell svarprosent på 63,1%.

Kjønnsfordelinga hjå respondentane er 74,1% menn og 25,9% kvinner.

2.5 Undersøkinga si pålitelighet

Når ein skal vurdere påliteligheta til resultata i undersøkinga er det aktuelt å rette merksemnda mot spørjeskjemaet si form og mot behandlinga av det innsamla materialet. Reliabiliteten vert her viktig då denne refererer til målinga sin stabilitet og nøyaktigheit.

Spørsmålet om stabilitet er knytt til både forskar- og respondentadferd og er i stor grad personavhengig. I denne samanheng vart det lagt vekt på å redusere sansynlegheita for at ein omtest av samme utval respondentar kunne medføre endring i måleresultat. Her vart det særleg lagt vekt på å utforme spørsmåla slik at det ikkje kunne skapast grunnlag for mistydingar eller alternative tolkingar alt etter humør og motivasjon. Ein kan imidlertid ikkje sjå heilt vakk ifrå at at det kan finne stad ein viss variasjon i resultata over tid på grunn av reelle endringar i erfaringsgrunnlag og haldningar hjå respondentane.

Ein kan stille seg kritisk til at svara frå den enkelte respondent kan vere meir eller mindre prega av den aktuelle sinnstilstand, men vil her ikkje framheve dette som ei svakheit ved

målinga. Med det undersøkingsopplegget som her er valgt, er det ikkje svara til den enkelte respondent som har primær interesse, men tendensen i det samla materiale. Under vurderingar rundt stabilitet i målingane er det også aktuelt å vurdere spørjeskjemaet si utforming. Her vart det fyrst og fremst fokusert på mulige tvetydige spørsmål i samband med pilotundersøkinga.

Til datahandsaming er statistikkprogrammet SPSS nytta. Det er lagt stor vekt på å vere nøyaktig ved koding og innlegging av data. Det vart laga fleire variantar av kodebøker før det vart funne ei som dekte behova. Enkelte skjema vart valgt ut til kontrollkoding. Vidare var det hensiktsmessig å fylgje opp med kontroll av datamatrisen slik at evt. variabelverdiar kunne rettast opp før den vidare EDB-handsaminga.

Når det gjeld validitet er det naturleg å peike på at spørjeskjemaet vart sendt til alle dei 88 ungdomsskulane i Møre og Romsdal (heile populasjonen). Dette skulle gi høgre svarprosent og sikrare resultat enn om det vart nytta eit mindre utval av skular.

Av validitetsproblem knytt til bruk av andre undersøkingar som ein samanliknar resultata med i drøftingsdelen, bør det trekkjast fram alder på undersøkingane, ulikskap i metoder, ulikskap i utval, resultat vert tatt ut av ein samanheng, og ikkje minst forskar og lesar si tolking av presenterte data. Eit metodisk problem i denne samanheng er at eg ikkje har funne andre kvantitative undersøkingar som går spesifikt på fagområdet friluftsliv i ungdomsskulen, etter innføringa av L97. Dette problemet vert løyst ved å trekke inn interessante resultat vedrørande friluftsliv frå Jacobsen (2001, 2002) sine to kroppsøvingsundersøkingar av L97 og Gunnar Repp (1993) si undersøking av M87, der det er mogleg å samanlikne resultat eller tendens i materialet.

3 LÆREPLANAR OG TIDLEGARE FORSKING

Det er naturleg å rette fokus mot læreplanar, då det er formuleringar i gjeldande læreplan (L-97) som utgjer mykje av bakgrunnen for denne undersøkinga. Vidare vert sokelyset retta mot tidlegare forsking, for at ein skal kunne få eit vidare perspektiv på problemfeltet.

3.1 L97 samanlikna med M87

Gjeldande læreplan for skuleverket vil alltid vere eit viktig styringsmiddel for skulen og vil såleis vere ein viktig rammefaktor for eit fag, eller som Repp (1993) seier om den gamle læreplanen; M87:

”Utgangspunktet er at M87 utgjer den sentrale og mest synlege ramme faktoren på formuleringssarenaen, fordi han er det formelle styringsmidlet for skulen og fordi han når alle skulane og lærarkollektiva.” (Repp 1993 : 104)

Generelt kan ein seie at M87 var ein læreplan med forholdsvis vase formuleringar (bør). L97 er ein plan der ein har større grad av regelstyring noko som viser igjen i form av strammare/meir forpliktande formuleringar (skal).

3.1.1 L97 og friluftsliv

Vi såg innleiingsvis at gjennom L97 har friluftsliv vorte 1 av 4 hovudemne på ungdomsseget. Det vart vist til innleiinga av fagplanen for kroppsøving, der det skal undervisast i dette emnet og at friluftsliv er eit viktig innslag i den norske kulturen. Opplæringa skal vidare fremje glede over fysisk aktivitet og over det storstående i naturen og dessutan fremje omsorga for dei utsette delane av naturen. (KUF 1996).

Når det gjeld ungdomsseget og ”Strukturen i faget” ser vi at friluftsliv har fått ei eiga ”blokk” på lik line med dei andre hovudemna; fysisk aktivitet og helse, idrett og dans. Det vert presisert at dei fire områda som faget er delt i, gir uttrykk for klare retningar i opplæringa. (KUF 1996)

Det er her ingen tvil om at L97, allereie i innleiinga av faglandelen, gjer friluftsliv til ein viktig og prioritert del av kroppsøvingsundervisninga på ungdomsseget på lik line med dei tre andre hovudemna i faget.

Under ”Felles mål for faget” finn ein denne formuleringa: ”Opplæringa i faget har som mål at elevane skal få naturopplevingar og praktisk røynsle og utvikle kunnskap om og forståing for den plassen mennesket har i naturen.” (KUF 1996 : 266)

Målsettingane for eit fag gir retningsliner for kva som skal vere innhaldssida i faget og det kjem her klart fram at ”naturopplevingar og praktisk røynsle” er sentralt. Dette kan ikkje oppnåast utan at kroppsøvingslærarane tek med elevane ut i naturen. Utvikle kunnskap om menneskets plass i naturen kan ein sjølvstagg lese seg til, men forståing for menneskets plass i naturen, t.d. ”kor små vi er”, er vel tvilsomt at ein kan forstå ved å lese. Les ein denne målsettinga med ein friluftslivsentusiast, eller ein med formell utdanning innanfor fagfeltet sine auge, vil ein også kunne hevde at det som står i sitatet over kan tolkast i retning av sosialisering til friluftsliv i grunnskulen sin regi. For, ein kan ikkje få praktisk røynsle, kunnskap og forståing for menneskets plass i naturen av ein dagstur. Friluftslivet må difor ha eit forholdsvis stort omfang innanfor kroppsøvingsfaget for å oppfylle målsettinga.

J.f. kap. 1.1 der vi såg at St. meld. nr. 39 hadde mengde og kvalitet som viktige stikkord knytt til friluftsliv i barnehage og skule.

L97 seier dette om innhaldet i friluftslivsundervisninga på ungdomssteget:

Under hovudmoment for 8. klasse finn vi under punktet ”Friluftsliv”:

”I opplæringa skal elevane

- tilegne seg kunnskap om å få røynsle med ulike måtar å bruke nærmiljøet på
- få røynsle med turar på berrmark og snø, til dømes fottur, skitur, sykkeltur, skeisetur
- lære livberging i vatn
- øve seg i å nytte klede som flytemiddel, kunne livbergingshopp, ilandføring, løft på land, hjartekompresjon og fullstendig hjarte- og lungeredning.” (KUF 1996 : 273)

Fagplanen er som ein ser klar og konsis på at elevane skal få kunnskap om og røynsle med ulike måtar å bruke nærmiljøet, og elevane skal få prøve seg både på berrmark- og snø-/isaktivitetar. Vi ser også at dette skal gjerast på ulike måtar. Det vil seie at ein må ut i naturen fleire gonger. Svakheita med dette punktet er at det seier lite om kva som skal skje av læring – innhaldssida på desse turane i nærmiljøet. Viktig læring som t.d. bruk av bål, stormkjøkken, enkel matlagning kunne vore nemnt.

Under friluftslivspunktet her har ein også plassert livbergingsopplæringa. Ein kan sjølvsagt diskutere om denne heller burde vore lagt under punktet Idrett (symjing), eller Fysisk aktivitet og helse, men livbergingsdugleik er også svært sentralt innanfor friluftslivet med omsyn til å kunne ta vare på både seg sjølv og andre. For at elevane skal lære livberging må dei bruke ein del tid på emnet, og då ville det vere mest naturleg å legge undervisninga til ein symjehall. I store deler av landet er vatnet så kaldt vår og haust at å drive undervisning i livberging ute, er problematisk – ein må i symjehall, og ein kan vel neppe definere livbergingsundervisning i ein symjehall under det tradisjonelle friluftslivsomgrepet.

Vi ser i alle høve at fagplanen for 8. klasse gir klare føringar, og ein skal prioritere friluftsliv i nærmiljøet, ta med ungdomane på turar til ulike årstider og lære dei livberging.

Under hovudmoment for 9. klasse finn vi under punktet ”Friluftsliv”:

”I opplæringa skal elevane

- oppleve kontakt og nærliek med naturen gjennom å planleggje og gjennomføre ein tur med overnatting i naturmiljø
- utvikle forståing for kor sårbar og sterk naturen er
- lære å ta ut og følgje kompasskurs og orientere seg i terrenget ved hjelp av turkart”
(KUF 1996 : 274)

Fyrste og siste strekpunkt gir ikkje rom for mistyding. I 9. klasse skal elevane planlegge og gjennomføre ein overnattingstur, og såleis oppleve kontakt og nærliek med naturen. Dei skal også lære å ta seg fram ved hjelp av turkart og å ta ut og følgje kompasskurs.

Det å utvikle forståing for kor sårbar og sterk naturen er, er kanskje det mest diffuse punktet. Korleis utviklar ein forståing for dette? Ein kan gjere det gjennom forteljing/undervisning ved leirbålet, eller ein kan drive klasseroms-undervisning om emnet. Ei anna moglegheit er å vise dette gjennom veremåte som vegleiar. Gjennom å snakke om sporlaus ferdsel på førehand og ikkje minst stille strenge krav til dette undervegs. Ein annan måte er t.d. å fokusere på miljøkatastrofer – oljeutslepp og liknande.

Opplevinga av kor sårbar og sterk naturen er, vert nok sterkest gjennom praktisering av friluftsliv. Når ein får oppleve sterk vind på/ved havet eller i fjellet, sjå eit snøras som buldrar nedetter ei fjellside, sjå løvetann som veks gjennom grus(/asfalt), eller opplever små klasar

med høgfjellsblomar som svaiar i vinden. Dette gir opplevingar som er sterkare – set djupare spor enn formidling med ord. Erfaringssida vert såleis viktig for opplevinga av styrken og sårbarheita til naturen. Poenget er at punktet i sterkare grad burde ha vore presisert for å unngå tolkingsproblem.

Under hovudmoment for 10. klasse finn vi under punktet ”Friluftsliv”:

”I opplæringa skal elevane

- få røynsle med å vere ute om vinteren
- få høve til opplevingar som kan vere både spennande og utfordrande
- få høve til estetiske opplevingar
- lære å vurdere terrenget med omsyn til sikkert vegval, rasjonering av eigne krefter, trygg ferdsel og miljøvern
- lære om faktorar som kan løyse ut snøskred og om livberging i samanheng med snøskred
- øve seg i å lage naedbikuakk og levegg” (KUF 1996 : 274f)

Ein ser også her at L97 er klar i sin tale – elevane skal få røynsle..., skal få høve til...., skal lære..., skal øve seg i.... Det vil seie at i kroppsøvingsfaget må lærarane ta med elevane ut på tur/turar om vinteren på ein slik måte at det kan vere spanande og utfordrande, i eit naturområde som gir moglegheit for estetiske opplevingar. Frå ein friluftslivspedagog sin ståstad må ein også ut på tur om ein skal lære å vurdere terrenget..., lære om faktorar som kan løyse ut snøskred og om livberging i samband med snøskred. For ein lærar som likar seg best innandørs, vil han/ho nok kunne hevde at ein elev kan lære vurdering av terrenget med omsyn til sikre vegval, rasjonering av krefter, trygg ferdsel og miljøvern gjennom klasseromsundervisning. Det same når det gjeld læring av faktorar som kan løyse ut snøskred og livberging i samband med dette. Men eg trur alle er einige om at elevane ikkje får fullgod undervisning og erfaring utan at ein praktiserar dette gjennom friluftslivsturar. Det siste punktet som går på øving i å lage naedbikuakk og levegg gir ingen rom for tolking. Her må ein ut og øve seg.

Totalt sett så har vi sett at L97 er ein ”skal-plan” og gir klare føringar når det gjeld undervisning i friluftsliv. Ein kroppsøvingslærar gjer ut frå formuleringane i læreplanen faktisk ikkje jobben sin utan å ta med elevane sine ut i naturen, på fleire turar, for å drive friluftsliv i ulike miljø.

3.1.2 M87 og friluftsliv

I denne undersøkinga vert det ikkje gjort ei grundig analyse av M87 i høve friluftsliv, for det skal vi seinare (kap. 3.2.1) sjå at Repp (1993) har gjort i si undersøking.

For å ha eit samanlikningsgrunnlag for L97 og friluftsliv, skal vi i det fylgjande sjå på formuleringar og presiseringsnivå i den gamle læreplanen; M87.

Vonde tunger har hevda at M87 var læreplanen som vart innført utan å kunne verte gjennomført. Dette på grunn av at innhaldssida var for omfattande og (i motsetning til L97) at der var for mange svake/opne formuleringar; bør-formuleringar.

Allereie innleiingsvis i fagplanen for kroppsøvingsfaget under ”Mål” finn vi eksempel på svake eller opne formuleringar:

”Undervisningen i kroppsøving skal ta sikte på

- å fremme samarbeid, selvrespekt, respekt og omsorg for andre og ansvar for natur og miljø”. (KUF 1987 : 275f)

Som ein ser, så skal ein ta sikte på å mellom anna fremme ansvar for natur og miljø. Dette er i seg sjølv ein god tanke, men innleiingsvis i ein fagplan, under noko så viktig som målsetting for eit fag, så får ein allereie her ei føeling av at ein kan gjere ting om ein vil, og late vere om ein ikkje vil. Det er stor skilnad på å uttrykke ”skal” (L97) i høve ”ta sikte på” (M87) med omsyn til grad av forplikting.

Etter dei innleiandeorda og målsettinga for faget kjem punktet ”Lærestoff og progresjon”, og her finn vi fyrste bør-formuleringa:

”Lærestoffet er delt inn i fem hovedemner. Delemlene under hvert hovudemne viser aktiviteter og temaer som en bør arbeide med i hver treårsperiode.”
(KUF 1987 : 276)

At ein bør arbeide med aktiviteter og tema i delemlna (under kvart hovudemne) må ein vel kunne seie er ei forholdsvis svak formulering, og kanskje også ei uheldig formulering innleiingsvis i ein fagplan. Svake formuleringar gir grunnlag for tolkingar, og ein skulle då tru

at lærarar som er spesielt interesserte i eit emne prioriterer det, medan andre vektlegg emnet i liten grad.

Under ”Arbeidsmåtar” finn ein denne formuleringa: ”Hele dager eller deler av dager bør brukes til friluftsliv, ekskursjoner og andre opplegg med innslag av fysisk aktivitet.”
(KUF 1987 : 278)

Vi ser her også at ein bør bruke heile dagar til friluftsliv – ein skal ikkje. Ein kan sjølv sagt hevde at bør-formuleringar er ein fordel for fridomen og kreativiteten til læraren. Ein kan gjere meir som ein vil, men ein risikerer også at det er samvitet til læraren som avgjer kva som vert gjennomført i skulen.

Når ein kjem til punktet ”Hovedemner og delemner” og underpunktet ”Friluftsliv, Lek og Idrett”, vert planen meir konsistent. Her finn vi denne formuleringa:

”Så tidlig som mulig skal elevene vennes til å ferdes ute i naturen.”
(KUF 1987 : 280)

Det same ser ein når det gjeld emneutval for kvart klassetrinn, t.d. 4.-6. klasse, der vi finn det første konkrete punktet som omhandlar kva som skal skje på dei ulike klassetrinna:

”Friluftsliv: Planlegging og gjennomføring av turer i nærmiljøet. Turer i oppmerkede løyper. Overnatting i telt. Leirplass, leirbål, bruk av open ild. Enkel matlaging på bål. Bruk og stell av utstyr. Kart og kompass.” (KUF 1987 : 280)

Vi ser også her at punktet er konsistent, fast og har ei innhaldsside som vil, ut frå ein friluftslivsfagleg ståstad, vere nyttig om borna lærer seg. Liknande sitat finn ein også for 7.-9. klasse:

”Friluftsliv: Planlegging og gjennomføring av lengre turer. Orientering, ta seg fram i ukjent terrenget. Telting og andre overnattingsmåter. Matlaging. Reparere utstyr, lage utstyr selv. Villmarksskole.” (KUF 1987 : 281)

Her er det også eit klart uttrykt punkt der det er lite tvil om kva som skal skje. Men, det kan vere eit problem når ein seier innleiingsvis under tunge overskrifter som ”Mål”, ”Lærestoff og

progresjon” og ”Arbeidsmåtar” at det som vert omtalt seinare i planen, under ”Hovedemner og delemner” skal ein ta sikte på eller bør ein gjennomføre. Det kan då tolkast som: gjer det om de får tid. Då er det ikkje sikkert at det hjelper at underpunktata/formuleringane er meir faste i forma og konsistente.

3.1.3 Gjennomføring av læreplanar

Det skulle vere nærliggande å tru at meir regelstyrte læreplanar (L97), skulle vere meir forpliktande og dermed ha større gjennomføringsgrad, enn læreplanar med vage formuleringar (M87). Men, det er klart at vert det for mange skal-formuleringar i ein læreplan, så må også lærarane prioritere. Timetalet i kroppsøvingsfaget i ungdomsskulen ligg berre på 2-3 timer pr. veke som skal fordelast på 4 hovudområde (304 årstimar a 45 min. som skal fordelast på 8.-10. kl. gjennom 38 skuleveker = 2,7 t. pr. veke i snitt). (KUF 1996 : 81) Seinare skal vi også sjå nærar på ei undersøking utført av Jacobsen m.fl (2003), der dei fokuserte på at timetalet i kroppsøving er alt for lavt til å realisere fagets ambisiøse målsetting.

Ein annan faktor som må trekka fram er at det kan vere skilnad i læreplan i teori og læreplan i praksis, då det er ulike beslutningsnivå når ein læreplan skal utformast og settast i verk. I samband med dette er det vanleg å trekke fram det politiske nivået, institusjonsnivået, undervisningsnivået og det personlege nivået (Bjørnsrud 1995, Engelsen 1993, Gundem 1990). Læreplanar kan såleis verte lest, tolka og praktisert ulikt på ulike nivå. Såleis kan læreplanteksten sjåast på som ei form for kommunikasjon mellom ulike nivå der mål, prinsipp og føringar vert formidla.

Jacobsen (2001) viser til ei undersøking av Goodlad (1979) som har ein annan måte å skilje mellom ulike læreplannivå:

”Han snakker om ideenes læreplan, den formelle læreplan, den oppfattede læreplan, den operasjonaliserte læreplan og den erfarte læreplan. Også denne inndelingen understrekker kompleksiteten ved læreplanforståelse. At en læreplan aldri vil være fullstendig, entydig og klar, tilsier at det alltid vil finnes tolkingsmuligheter. Goodlads modell synes ellers å representere et allment akseptert struktureringsforslag i Norge (Bjørnsrud 1995, Engelsen 1997, Gundem 1990).” (Jacobsen m.fl 2001 : 16)

Haug (1993) diskuterer også læreplanprosessen og beslutningsnivå og viser til ei undersøking av Griffin (1986):

”.....Det er også ei veksande forståing for at avgjerder tekne av lærarar og elevar har stor betydning for korleis læreplanen vert praktisert, mykje større betydning enn ein har trudd tidlegare.” (Haug 1993 : 17)

Ut frå dette er det såleis mogleg at ein læreplan, sjølv med eit høgt presisjonsnivå (skal-plan), kan verte innført utan å verte gjennomført.

3.2 Tidligare forsking om friluftsliv i skuleverket

Vi skal no sjå på tre sentrale undersøkingar om friluftsliv og kroppsøving i grunnskulen. Fyrste undersøkinga som vert trekt fram, er ein rapport utarbeidd ved Møreforsking/Volda Lærarhøgskule; ”Natur og friluftsliv i grunnskulen” (Repp 1993). Vidare vert det presentert utdrag, som omhandlar friluftsliv, frå to kroppsøvingsundersøkingar ved Høgskulen i Vestfold. Utgangspunktet er her synteserapporten ”L97 og kroppsøvingsfaget – Fra blå praktbok til grå hverdag? –” (Jacobsen m.fl 2003), som er forskarane sitt samandrag av dei to undersøkingane. Synteserapporten vert nytta for å gi eit oversiktleg samandrag av dei to forskingsrapportane. ”Evaluering av Reform 97” (Haug 2003) er bygt på denne synteserapporten. Konkrete resultat frå dei to forskingsrapportane frå Høgskulen i Vestfold og Repp si undersøking vert seinare trekte inn i drøftingsdelen av denne rapporten der det er naturleg.

3.2.1 ”Natur og friluftsliv i grunnskulen”

I undersøkinga ”Natur og friluftsliv i grunnskulen” studerer Repp mellom anna M87 i høve friluftsliv, og har dette målet:

”Siktemålet var å finne ut om Mönsterplanen vil kunne verke som ein ”bremsekloss” for bruk av naturen i grunnskulen, og evt. kvifor. Eller: Om planen kan verke fremjande og konstruktiv.” (Repp 1993 : 104)

Vidare i oppsummeringa om M87 seier Repp fylgjande:

”I den grad læreplanen kan verke som ei hindring, vil det kunne vera av fleire årsaker: Planen er så vid eller open – som rammeplan, at friluftsliv og bruk av natur vil kunne prioriterast ned til eit minstemål.” (Repp 1993 : 104)

Vi ser at Repp også (jf. kap. 3.1 og 3.3) kommenterer, som ei hindring, den vide eller opne forma som M87 hadde. Repp meiner likevel at det er gode moglegheiter til undervisning i friluftsliv innanfor læreplanen sine rammer:

”Men i det store og heile kan vi hevde at det meste og det sentrale av det eigentlege friluftslivet kan vi, dersom vi ynskjer det, finne att i Mönsterplanen.³² Og: Planen gjev handlingsrom for skular, kollegium eller einskilde lærarar som vil nytte det.”
(Repp 1993 :105)

Seinare i undersøkinga der Repp drøftar det som skjer i skulen og ser på slagkrafta åt den formelle rammeplanen, er han endå tydelegare i utsegna si:

”Den formelle læreplanen slik han er oppfatta, er blitt drøfta lenger framme (kap. 8) i høve til det eg har kalla ”det eigentlege friluftslivet”. Konklusjonen var at den formelle læreplanen knapt vil kunne oppfattast som ei sperre for friluftsliv i grunnskulen.” (Repp 1993 : 131)

Repp gjennomførte også ei kvalitativ undersøking (langtidsstudie over tre år) ved ein barneskule og ein ungdomsskule. Når det gjeld M87 og korleis lærarane opplever denne, konkluderer han slik:

”Mönsterplanen blir kritisert for at han er for vid og for lite konkret og styrande. Han blir samtidig rosa fordi han er vid nok, av andre.” (Repp 1993 : 127)

Vidare konkluderer han slik når det gjeld oppfølging av intensjonane i M87 ved dei to skulane:

”* Det er vanskeleg å sjå, jamvel i tilnærma grad, at intensjonane for friluftsliv og bruk av naturen i M87 blir oppfylt ved dei skulane eg har vore i kontakt med. Til det verkar opplegga i naturen for lite planlagde og målretta.

* Skulane gjev elevane ei heller sparsam erfaring frå naturen gjennom grunnskuleperioden. Turar, ekskursjonar og utflukter – jamvel i nærnaturen – førekjem etter måten sjeldan, omfanget sett i høve til den totale skuletida.” (Repp 1993 : 129)

Når det gjeld elevane si sosialisering til friluftsliv i skulane som vart undersøkte, er Repp klar i sin tale:

”Den vesle bruken av friluftslivet som vi finn i dei granska skulane, gjer det knapt nok aktuelt å snakke om sosialisering til friluftsliv i grunnskulen sin regi. Dette gjeld på alle aldersnivå, men i særleg grad for ungdomsskulen. Materialet gjev lite og inkje grunnlag for generalisering. Men det vi kan seia, er at i eit halvt dusin skular i to kommunar skjer bruk av friluftsliv sjeldan. For ungdomsskulane sitt vedkomande er det døme på at klasser ikkje har hatt jamvel enkeltståande opplegg i naturen – sjølv av kortare omfang (2-3 t), heile året sett under eit.” (Repp 1993 : 134f)

Vi har her sett at undersøkinga til Repp (1993) meiner at den vide eller opne forma som M87 hadde, til ein viss grad kunne vere ei hindring, som læreplan, då friluftsliv og bruk av natur kunne prioriterast ned til eit minstemål av lærarane. Men, han er likevel tydeleg på at planen gir handlingsrom til å drive friluftslivsundervisning.

Vidare er Repp (1993) klar på at intensjonane i M87 i liten grad vert oppfylt når det gjeld bruk av natur og friluftsliv. Elevane fekk sparsam erfaring frå naturen gjennom grunnskuleperioden. Turar, ekskursjonar og utflukter førekjem forholdsvis sjeldan når ein såg omfanget i høve til total skuletid. Vedrørande sosialisering til friluftsliv er det knappast aktuelt å snakke om sosialisering til friluftsliv i grunnskulens regi ,og ungdomsskulen er svakast stilt i dei undersøkte skulane.

3.2.2 ”L97 og kroppsøvingsfaget – Fra blå praktbok til grå hverdag? –”

I kap. 3.1.1 og 3.1.2 har det vorte retta stor merksemd mot formuleringane/presisjonsnivået i L97 kontra M87. Det har til no vore retta lite merksemd mot skilnader i mål og verditenking i dei to planane. Innleiingsvis seier synteserapporten dette når det gjeld formuleringar, mål og verditenking:

”Ordvalg, formulering og konkretisering av *fellesmålene* for kroppsøvingsfaget i L97 synes å variere en del i forhold til tilsvarende mål i M87. Hovedelementene – utvikling av

bevegelsesglede, kreativitet og empati samt erfaring med og kunnskap om fysiske aktiviteter, menneskekroppen og natur/miljø – synes likevel å ligge svært nær hverandre. Knyttet til kroppsøvingsfaget er det således vanskelig å peke på noen store prinsipielle forskjeller i mål og verditenkning mellom L97 og M87.

At fellesmålene er operasjonalisert i mer konkrete og forpliktende *målområder* for småskole, mellom- og ungdomstrinn representerer derimot en nyhet i L97.” (Jacobsen m.fl 2003 : 1f)

Vi ser (jf. kap. 3.1.1 og 3.1.2) at det også her vert fokusert på at ordval, formulering, konkretiseringsnivå og grad av forplikting er ulik i L97 kontra M87. Når det gjeld mål og verditenking i dei to planane har dei funne liten skilnad.

Ved samanlikning av fagleg innhald i den nye læreplanen versus M87 finn dei ingen store skilnader. Leik og idrett har i begge planane ein sentral plass. Men, når det gjeld emna dans og friluftsliv (jf. kap. 1.1) er det skilnader i dei to læreplanane:

”På den annen side har ”dans” og ”friluftsliv” fått en mer tydelig og forpliktende plass enn tidligere. Således er de fire aktivitetsområdene å oppfatte som mer likeverdige.”
(Jacobsen m.fl 2003 : 2)

Det vert vidare i synteserapporten presentert resultat frå ei kvantitativ (Jacobsen m.fl 2001) og ei kvalitativ oppfølgingsundersøking (Jacobsen m.fl 2002). I surveyundersøkinga er 677 grunnskulelærarar frå Nord-Trøndelag, Sogn og Fjordane, Agder-fylka, Vestfold og Oslo/Akershus respondentar. Det var eit krav at respondentane hadde undervisningserfaring i kroppsøving etter L97. I den kvalitative undersøkinga vart ca. 20 lærarar og 80 elevar fordelt på dei 5 nemnde regionane intervjua. (Jacobsen m.fl 2003) Vi skal no sjå på interessante ”Hovedresultater” vedrørande friluftsliv frå desse undersøkingane. Det vert spesielt sett fokus på forskarane sine konklusjonar vedrørande ungdomstrinnet.

Når det gjeld ”Resultater relatert til fagets innhold” oppsummerer forskarane med at omfanget av friluftslivsverksemrd er svært avgrensa – særleg på ungdomstrinnet, men dei meiner likevel at L97 har gitt friluftslivet ein sterkare posisjon i praksis:

” Omrent en femtedel av lærerne prioriterer *friluftsliv* lavest av hovedaktivitetsområdene, og omfanget av denne virksomheten synes å være svært begrenset – særlig på ungdomstrinnet.

Likevel tyder både elevenes og lærernes utsagn i intervjuene på at det faktisk har skjedd en positiv utvikling på dette området på alle trinn i grunnskolen. Lærerne mener at *L97 har ført til en sterkere posisjon for friluftsliv i praksis.*" (Jacobsen m.fl 2003 : 5)

Når det gjeld "Resultater relatert til fagets arbeidsmåter" finn vi at uteaktivitet er godt likt, vert praktisert ein del på småskule- og mellomtrinnet, men i langt mindre grad på ungdomstrinnet. Der synest elevane å vere ein god del mindre motivert for uteaktivitet:

"L97 legger opp til mer *uteaktivitet* også i grunnskolens kroppsøvingsundervisning. Til tross for friluftslivets relativt lave prioritering blant lærerne, tyder så vel elevenes som lærernes svar på at uteaktivitet er godt likt, og at det drives en del på både småskole- og mellomtrinnet. I langt mindre grad er dette tilfelle på ungdomstrinnet der elevene synes å være en god del mindre motivert for slike aktivitetsformer." (Jacobsen m.fl 2003 : 5f)

Når vi kjem til "Resulat relatert til lærerforutsetninger i faget" ser vi at til høgare fagutdanning lærarane har, til høgare vert hovudområdet idrett prioritert i forhold til dei andre hovudområda:

"Ved siden av kjønn synes også utdanningsnivået i kroppsøving å påvirke lærernes erfaringer med den nye kroppsøvingsplanen. Jo høyere fagutdanning lærerne har, jo høyere prioriterer de idrett i forhold til de andre hovedområdene i L97. Utdanningsnivået synes således å fungere som skjult læreplan (Jacobsen 2002). Også i intervjuene gir lærerne uttrykk for at *undervisningen i kroppsøving i stor grad blir påvirket av hvor mye utdanning læreren har i faget* - i den forstand at mer fagutdanning medfører bedre undervisning. Likevel blir det påpekt at engasjement, egeninteresse og samarbeidsevne kan være like viktig eller viktigere enn lengden på fagutdanningen." (Jacobsen m.fl 2003 : 7f)

Dette er så interessant at vi går inn i hovedrapporten til Jacobsen m.fl (2001). Der vi finn at til høgare utdanningsgrad lærarane har i faget, til svakare prioriterer dei friluftsliv. 45% av dei utan utdanning prioriterer friluftsliv lavast og nest lavast. Tilsvarande tal for dei med årseining/grunnfag er 73%, og for dei med mellomfag eller meir utdanning 70%.

Det vert her ikkje sagt noko om spesiell utdanning innanfor friluftsliv. Ein skulle tru at lærarar med t.d. mellomfag i friluftsliv prioriterer emnet høgt. Type mellomfag vert her ikkje vurdert, men dei har ein interessant diskusjon vidare:

”De høyt utdannede synes også å være minst fornøyd med egen ivaretakelse av friluftsliv, og det er klart flere uten utdanning enn i gruppen med utdanning som mener at de ivaretar friluftsliv godt. Kan det være at manglende kunnskap i idrett og dans som følge av liten eller ingen utdannelse, gjør det lettere å gripe til friluftsliv (og leik) som aktivitetsform? Dersom en ønsker at lærerne skal prioritere og ivareta friluftsliv (og leik) høyere, bør en kanskje unngå å tilsette høyt kvalifiserte kroppsøvingslærere som synes å prioritere og ivareta idrett.”

(Jacobsen m.fl 2001 : 179)

Synteserapporten ser også på ”Resultat relatert til rammebetingelser” i faget, og ungdomsskulelærarane opplever misforholdet mellom målsetting i L97 og timetal i faget sterkest :

”Som forventet er det et stor flertall av lærerne som sier seg enig i at *det er et klart misforhold mellom målsetting for kroppsøving i L97 og det timetall som er tildelt faget*. Lærerne på ungdomstrinnet opplever dette misforholdet sterkest. (Jacobsen m.fl 2003 : 8)

I oppsummeringa under ”Forslag til forbedring” seier forskarane:

”*Målet* som sier at ”elevene skal få naturopplevingar og praktisk røynsle og utvikle kunnskap om og forståing for den plassen mennesket har i naturen”, er relativt lavt rangert av lærerne, og friluftsliv som et sentralt *innhold* i faget er relativt lite vektlagt i praksis. Noe av det samme kan sies om dans. I forhold til disse to målområdene må det kreves en sterkere fagdidaktisk bevisstgjøring samt fokusering på handlingskompetanse i både lærerutdanning og etterutdanning.” (Jacobsen m.fl 2003 : 9)

”En annen sentral rammebetingelse, fagets *timemetall*, blir vurdert negativt av lærerne. For å realisere kroppsøvingsfagets meget ambisiøse målsetting anses *timetallet* for å være altfor lavt. En økning av kroppsøvingsfagets timetall i grunnskolen synes å være et allment krav blant både elever og lærere.” (Jacobsen m.fl 2003 : 10)

Dette var ei oppsummering av resultat frå relevante undersøkingar om friluftsliv og kroppsøvingsfaget i ungdomsskulen. Det vert vidare spanande å sjå om resultata frå denne undersøkinga oppfyller intensjonane i L97 når det gjeld friluftsliv, i større grad enn Repp (93) fann når det gjaldt M87 og Jacobsen m.fl (2003) vedrørande L97 i sine undersøkingar. Som vi såg, har ikkje undersøkingane til Jacobsen m.fl (2001, 2002) vore gjennomført i Møre og


Romsdal. Det vert såleis interessant å sjå om ein finn samanfallande eller stort sprik i resultat, der desse kan samanliknast.

4 PRIORITERING AV FRILUFTSLIV, RESULTAT OG DISKUSJON

I dette kapitlet vert det presentert resultat frå den empiriske undersøkinga. Det vil i første rekke dreie seg om kroppsøvingslærarane si prioritering av hovudemnet friluftsliv i ungdomsskulen, og eit forsøk på å finne årsakene til at prioriteringane er slik undersøkinga viser. Resultat vert drøfta etter kvart som dei vert presentert. Presentasjonen vil skje gjennom sjølvinstruerande figurar og tabellar.

4.1 Prioritering av friluftslivsundervisning i kroppsøvingstimane

Vi har tidlegare konstatert at L97 er ein regelstyrt plan (skal-plan) og at kroppsøvingslærararane skal undervise i friluftsliv. Av figur 1a ser vi kor mange av respondentane som faktisk driv friluftslivsundervisning i kroppsøvingstimane i dei undersøkte ungdomsskulane i Møre og Romsdal.




Figur 1a. Fordeling av kr.øv.lærarar som underviser/ikkje underviser i friluftsliv i kroppsøvingstimane (prosentvis fordeling, N=142)

Sju år etter innføringa av L-97 viser figur 1a at 1/3 av kroppsøvingslærarane i ungdomsskulen ikkje driv med noko form for friluftslivsundervisning, medan 2/3 av kroppsøvingslærarane har ei eller annan form for undervisning i emnet. Samanliknar vi desse tala med den kvantitative undersøkinga til Jacobsen m.fl (2001), finn vi at 59,9% av lærarane på småskulesteget meiner at dei ivaretok friluftslivet godt i eiga undervisning, medan dei faktiske tala for god ivaretaking på mellomsteget er 26,6% og ungdomssteget 11,3%. Undersøkinga viser også at 51,1% av lærarane på ungdomssteget meiner at dei ikkje ivaretok friluftsliv godt nok.

Ut frå Gunnar Repp (1993) si kvalitative undersøking såg vi i kap. 3.2.1 at han fann døme på ungdomsskuleklasser som ikkje hadde hatt jamvel enkeltståande opplegg i naturen – sjølv av kortare omfang (2-3t) – heile året sett under eitt. Dette samsvarar også godt med resultat som fig. 1a presenterer.

Før informantane vart spurde om dei underviser i friluftsliv i kroppsøvingstimane, vart dei spurde om friluftslivsundervisninga vart lagt til aktivitetsdagar i form av klasse-/skulefjellturar, eller om dei også driv anna friluftslivsundervisning. Svaret går fram av figur 1b.



Figur 1b. Friluftslivsundervisning lagt til aktivitetsdagar i form av klasse-/skulefjellturar
(prosentvis fordeling, N=145)

60,7% av kroppsøvingslærarane har friluftslivsundervisning i tillegg til klassa/skulen sine fjellturar. Men, vi ser også at så mange som 35,2% av respondentane har friluftslivsundervisning berre knytt til slike aktivitetsdagar i form av klasse-/skulefjellturar.

Omfang av friluftslivsundervisning

Kor mange timer ein nyttar til eit hovudemne vil også vere eit uttrykk for grad av prioritering.

Tabell 1a gir ei oversikt over dette.

Tabell 1a. Timar nytta til friluftslivsundervisning pr. år i ungdomsskulen
fordelt på klassessteg^{1 2}

Timar:	8. klasse N=64 %	9. klasse N=62 %	10. klasse N=48 %
0 – 10	26,6	25,8	14,6
10 – 20	34,4	32,3	37,5
20 – 30	20,3	24,2	31,3
30 – 40	9,4	8,1	6,3
40 +	9,4	9,7	10,4

Når vi går vi inn i tabell 1a og summerer prosentandelen av respondentar som har 20 timer eller mindre på dei ulike klassesstega, så finn vi at denne er 61,0% for 8. kl., 58,1% for 9. kl og 52,1% for 10. kl.

I ungdomsskulen har ein 304 timer til kroppsøvingsundervisning. Fordelt på 3 år vert dette ca. 100 timer pr. år. Delar ein dette på dei 4 hovudemna i kroppsøvingsfaget, har ein 25 timer pr. år til kvart av emna.

Reint matematisk skal det såleis nyttast 25 timer til friluftsliv pr. år. Går vi inn i tabellen og summerer prosentandelen av respondentar som har 20 timer eller meir på dei ulike klassesstega, så finn vi at denne er 39,1% for 8. kl., 42% for 9. kl. og 48% for 10. kl.

For heile ungdomsskulen sett under eitt, kan ein då konstatere at under halvparten av respondentane som underviser i friluftsliv, prioriterer friluftsliv i den grad som dei reint matematisk kan gjere. Dersom gruppa på 33,1% (fig. 1a) som ikkje underviser i friluftsliv hadde vore med i tabell 1a, ville vi fått endå fleire ($33,1\% = 47$) respondentar som svarte 0-10 timer, og prioriteringa av tid til friluftslivet hadde då vorte endå svakare totalt sett. Vi skal også her vere merksame på at det fort vert 10 undervisningstimar på eit dagsopplegg friluftsliv. Reknar ein førebuing og etterarbeid kan det verte meir. Med to skulefjellturar i løpet av året kan ein lærar krysse av for 20 undervisningstimar i emnet friluftsliv. Dersom ein ikkje er spesielt interessert i friluftsliv og vel å tenkje minimums-løysingar, så ser ein at rammene for friluftslivsundervisning fort kan verte ganske trонge.

¹ Dei som ikkje underviser i friluftsliv er ikkje med i talgrunnlaget for denne tabellen.

² Årsaka til at forholdsvis få respondentar har svart for dei ulike klassesstega (N=64, 62, 48) er at det vil vere variasjon i kva for klassessteg respondentane underviser på. Her skulle informantane svare for klassesstega dei underviser på, og det er berre dei som underviser i friluftsliv som har svart på spørsmålet.

Prioritering av dei fire hovudemna på ungdomssteget

Når fig. 1a viste at heile 1/3 av respondentane ikkje underviser i friluftsliv, vil det vidare vere interessant å sjå på korleis respondentane som faktisk har friluftslivsundervisning, fordeler tida si på dei ulike hovudemna i kroppsøvingstimane. Dette ser vi av tabell 1b.

Tabell 1b. Prioritering av tid til fysisk aktivitet og helse, idrett, dans og friluftsliv i eiga undervisning

	Prioritet 1 %	Prioritet 2 %	Prioritet 3 %	Prioritet 4 %
Fys.akt.og helse N=103	33,0	47,6	11,7	7,7
Idrett N=103	57,3	30,1	5,8	6,8
Dans N=100	7,0	8,0	24,0	61,0
Friluftsliv N=102	6,9	17,6	55,9	19,6

Når det gjeld prioritering av tid til dei fire hovudemna på ungdomssteget, så ser vi at idrett er absolutt høgst prioritert (57,3%) av dei fire hovudemna. Fysisk aktivitet og helse vert prioritert høgst av 1/3 (33,0%) av respondentane, medan dans og friluftsliv har lågast, men omrent same 1. prioritet; berre 7%. Som 2. og 3. prioritet har friluftsliv over dobbelt så høg prosentandel som dans. Heile 61% av respondentane har dans lågast prioritert (4. prioritet), medan 19,6% har friluftsliv som lågaste prioritet. Totalt sett ser vi då at friluftsliv er høgre prioritert enn dans. Dersom ein samanliknar med idrett og fysisk aktivitet og helse så ser vi uansett at friluftsliv har låg prioritet.

Undersøkinga til Jacobsen m.fl (2001) har med leik i staden for fysisk aktivitet og helse i tabellen som gjeld prioritering av emne i eiga undervisning. Grunnen til dette er at deira undersøking måtte høve for heile grunnskulen, medan denne er tilpassa ungdomssteget der fysisk aktivitet og helse er hovudemne. I deira undersøking kjem leik (45,4%) og idrett (39,5%) klart best ut. Like klart kjem friluftsliv (10,9%) og dans (4,0%) därlegast ut vedrørande prioritering av hovudemne.

Jacobsen m.fl (2001) har også sett på graden av arbeid med dei ulike målområda på ungdomssteget. Då ”prioritering av tid” (mi undersøking) og ”grad av arbeid med” skulle vere beslektta, kan vi også her våge ei lita, men interessant samanlikning. Under svaralternativet arbeider ”I meget stor grad” med, finn vi denne fordelinga av respondentar: Fysisk aktivitet og helse 39,7%, idrett 36,2% friluftsliv 12,7 og dans 7,9%.

Vi ser at tendensen er lik i begge undersøkingane – låg prioritering av friluftsliv og dans. Men, vi ser faktisk at når det gjeld prioritering av tid til hovudemna, som denne undersøkinga fokuserer på, så kjem friluftsliv därlegare ut i ungdomsskulane i Møre og Romsdal (6,9% har

friluftsliv som 1. prioritet) enn i dei undersøkte fylka i Jacobsen m.fl (2001) si undersøking (10,9%).

I undersøkinga til Jacobsen m.fl (2001) summerer dei tala for god og tilstrekkeleg ivaretaking av friluftsliv. Dei finn då at 84% av lærarane på småskulesteget synest at friluftsliv er godt eller tilstrekkeleg ivaretatt, medan 64% på mellomsteget og 49% på ungdomssteget har same oppfatning. Forskarane oppsummerer slik:

”Friluftsliv synest altså mest problematisk å få til etter planens intensjoner på ungdomstrinnet. Kan ein viktig grunn være problemer med å få frigjort ekstra tid og rom på timeplanen eller å få til et samarbeid med andre lærere når en skal fjerne seg fra egen skole og dens nærmiljø?”
(Jacobsen m.fl 2001 : 179)

Vi ser av sitatet over at forskarane stiller spørsmål ved problem med tid og rom på timeplanen eller vanskar med samarbeid mellom lærarar, men det kan også vere andre årsaker til lav prioritering av friluftsliv i ungdomsskulen. I det følgjande skal vi sjå nærmere på dette.

4.2 Årsaker til lav prioritering av friluftsliv på ungdomssteget

Fyrst skal vi sjå kva for årsaker respondentane i kap. 4.1, fig. 1a som ikkje dreiv friluftslivsundervisning i det heile (dei 33,1% som prioriterer friluftslivet aller lavast), gir som grunn til å kutte heile friluftslivsundervisninga. Desse årsakene kan også vere med på å forklare lav prioritering. Vidare kan mange faktorar vere avgjerande for i kva grad ein prioriterer/ivaretak friluftsliv som hovudemne. Vi skal her sjå om rammefaktorar, tverrfagleg samarbeid, tradisjon/kultur ved skulen, kompetanse, trivsel og personleg interesse, kan forklare manglande prioritering/ivaretaking av friluftsliv i ungdomsskulen.

4.2.1 Årsaker til ikkje å undervise i friluftsliv

Respondentane vart her spurde om den viktigaste årsaka til å ikkje legge inn friluftsliv i kroppsøvingstimane. Tabell 2a gir ei framstilling av dette.

Tabell 2a. Den viktigaste årsaka til ikkje å drive friluftslivsundervisning i kroppsøvingstimane (N=43)

Den viktigaste årsaka:
For få timer i kroppsøving – prioritering av andre emne.....20 (46,5%)
For kort samanhengande tid.....6 (14,0%)
Mangelfull kompetanse i friluftsliv.....6 (14,0%)
Emnet dekt gjennom aktivitetsdagar – skulefjellturar.....5 (11,6%)
Friluftslivsundervisninga lagt til andre fag.....3 (7,0%)
Ikkje tilrettelagt nærmiljø.....1 (2,3%)
Elevane vil ikkje vere ute i kulda.....1 (2,3%)
For dårleg ver.....1 (2,3%)

Litt under halvparten, 20 (46,5%) av respondentane som ikkje driv friluftslivsundervisning, meiner at ”For få timer i kroppsøving – prioritering av andre emne” er den absolutt viktigaste årsaka til å ikkje drive friluftslivsundervisning. Summerer vi dette med det andre argumentet som også går på tid – ”For kort samanhengande tid” (14,0%) – så finn vi at 60,5% av dei som kuttar friluftslivsundervisninga i ungdomsskulen nyttar tidsaspektet som det viktigaste argumentet. Kun 6 (14%) av respondentane nyttar ”Mangelfull kompetanse” som argument for manglande ivaretaking av friluftslivet.

4.2.2 Rammefaktorar

I spørjeskjemaet skulle respondentane prioritere frå 1 – 3 vedrørande kva for rammefaktorar dei opplevde som største hindra for å kunne gjennomføre friluftslivsundervisning ved eigen skule. Alle dei 147 respondentane har svart på spørsmålet, men mange har kryssa av utan å prioritere. Antal avkryssingar hjå respondentane varierer frå 1 til 5. I tabell 3a finn vi derfor berre frekvensfordeling, dvs. antal kryss kvart ”hinder” har fått utan prioritet, og prosentvis fordeling.

Tabell 3a. Rammefaktorar som lærarane opplever som dei største hindera m.o.t. friluftslivsundervisning ved eigen skule (N=147)

Hinder m.o.t gjennomføring av friluftslivsunderv. ved eigen skule:	Frekvens	%
Organisering av skuledagen	69	46,9
Økonomi	88	59,9
Utstyr	61	41,5
Mangel på natur i nærområdet	10	6,8
For få timer i kroppsøving pr. veke	71	48,3
Har kun enkelttimer	22	15,0
For mykje org. avtaling m. andre.....	46	31,3
Er kun ein lærar – vanskeleg friliv...	24	16,3
Vanskeleg å få til tverrfagl. samarbeid	11	7,5
Andre grunnar	12	8,1

”Økonomi” har her ein frekvens på 88 avkryssingar og er såleis nemnt som eit hinder av heile 59,9% av respondentane. Det er tydeleg at pengar til reiser/transport, utstyr o.a. i samband med friluftslivsundervisning er opplevd som eit problem av mange kroppsøvingslærarar. Dette kan også vere manglande økonomi med omsyn til å dekke ekstra lærarkostnader som til dømes vikar, kost- og nattillegg. ”Utstyr” har også ein forholdsvis høg frekvens, 61 avkryssingar, noko som understrekar at 41,5% av respondentane opplever mangel på utstyr som eit hinder.

”For få timer i kroppsøving pr. veke” er avkryssa som hinder av 71 respondentar. Nesten halvparten (48,3%) av kroppsøvingslærarane nemner dette som hinder for friluftslivsundervisning. Dette samsvarar også godt med kap. 4.2.1; tabell 2a, der vi såg at ”For få timer i kroppsøving – prioritering av andre emne” var viktigaste årsaka (46,5%) til å ikkje drive friluftslivsundervisning i det heile.

”Organisering av skuledagen” er avkryssa som hinder av 69 respondentar (46,9%).

”For mykje organisering/avtaling med andre i skulemiljøet for å få til friluftslivsundervisning” er avkryssa av 46 respondentar (31,3%).

I denne undersøkinga kan det då sjå ut som at kroppsøvingslærarane opplever ”Økonomi” og ”Utstyr” (noko som er ei side av same sak – har ein pengar kan ein kjøpe utstyr), ”For få timer i kroppsøving pr. veke”, ”Organisering av skuledagen” og ”For mykje organisering/avtaling med andre...” som dei største hindera for å kunne gjennomføre friluftslivsundervisning i ungdomsskulen.

Når det gjeld økonomi som hinder med omsyn til gjennomføring av friluftslivsundervisning, har Repp (1993) også liknande funn, men han har interessante vurderingar i sine konklusjonar, som gjer at ein kanskje kan stille spørsmålsteikn ved desse faktorane som den eigentlege årsaka.

”*Enkelte skular og lærarar vil, meir enn andre gjere pengar til eit hovudproblem. Enten: Fordi skulen ligg eit godt stykke unna natur. Eller fordi dei som arbeider i skulen ikkje evnar å sjå kva slags kvalitetar og moglegheiter som ligg i den naturen som måtte finnast nær opp til skulen.

*Utstyr for friluftsliv tykkjест ikkje lærarane opptekne av, sjølv om det og må sjåast i høve til den økonomiske prioriteringa i skulane. Derimot er ressursar i form av hjelp til undervisning utomdørs uttrykt som sterkt behov av enkelte.

* Midlar og tid til personleg vidareutvikling er nemnt. Det same gjeld midlar til opplegg (evt. overnattingsturar) utanom vanleg arbeidstid.” (Repp 1993 : 128)

Repp (1993) konkluderer vidare med at økonomiske ressursar er eit forståeleg problem å ta fatt i og bruke som argument for å få noko gjort, eller for at noko ikkje vert gjort, men at synspunkta er blanda i høve til kva vekt denne rammefaktoren bør tilleggast. Han velgjer å ha som utgangspunkt ei vidare gruppe av rammefaktorar; pengar, løyvingar og prioriteringar.

Vi såg også at rammefaktoren ”For få timer i kroppsøving pr. veke” og ”Organisering av skuledagen” vart opplevd som hinder for å kunne gjennomføre friluftslivsundervisning i ungdomsskulen av nesten halvparten av respondentane. Ein kan også spørje seg om ikkje begge desse faktorane går på ”tidsklemma”, for måten ein organiserar skuledagane på kan i stor grad avgjere om ein har tid til t.d. friluftsliv. Mange enkelttimer, plassering av beslekt fag på timeplanen (på t.d. ulike dagar) og lite bruk av prosjektarbeid, kan føre til at ”tidsklemma” vert forsterka.

Jacobsen m.fl (2001) undersøkte også rammefaktoren tid, men då for kroppsøvingsfaget generelt. Respondentane vart her spurta om forholdet mellom målsetting for kroppsøving i L97 og timetallet som er tildelt for å innfri/oppnå målsettingane. Dei fekk eit svar som peikar i same retning som resultatet i mi undersøking:

”De aller fleste lærerne mener, med bakgrunn i erfaring fra arbeid med L-97, at ”*det er et klart missforhold mellom målsetting for kroppsøving i L-97 og det timetalet som er tildelt*”.

Totalt har 83,7% av lærerne svart i kategorien ”helt enig” eller ”litt enig.” (Jacobsen m.fl 2001 : 61)

Når det gjeld ungdomssteget, som har fokus i mi undersøking, ser vi at misforholdet mellom målsetting og timetal er opplevd sterkest av lærarane:

”Dessuten er det slik at ungdomstrinnets lærere langt oftere enn de andre lærerne har krysset av for ”helt enig” i at det er et misforhold mellom målsetting og timetall.” (Jacobsen m.fl 2001 : 62)

Repp (1993) ser også på rammevilkåra i skulen, men er meir skeptisk til om desse har ei avgjerande rolle. Repp meiner at han har eit visst grunnlag samla sett til å hevde at det er lærarane som til sjuande og sist avgjer kva som skjer og ikkje skjer i skulen. Han brukar karakterar, prøver og eksamen som argument for at rammene vert opplevd trongare i ungdomsskulen:


”Som nemnt er der visse rammer som nok set grenser. Men det verkar som at desse treng berre i liten grad å spele noko avgjerande rolle for lærarar som ser verdiar i bruken av natur og friluftsliv i skulen. For ungdomssteget må ein ta litt etterhald pga. den plassen karakterar, prøver og eksamenar har i dag.” (Repp 1993 : 129)

Vi kan tolke dette slik at Repp ser på haldningane til den enkelte lærar som sentrale i høve kva som skjer av bruk av natur og friluftsliv i skulen. Men, vi merkjer oss at det vert tatt etterhald vedrørande ungdomssteget (som denne undersøkinga fokuserer på) når det gjeld vektlegging av rammelektorar som hinder for bruk av natur og friluftsliv. Såleis er undersøkinga til Repp (1993) og Jacobsen m.fl (2001) forholdsvis samsvarande når det gjeld rammelektorar og ungdomstrinnet, sjølv om Repp er meir forsiktig i si formulering.

Tabell 3a viser at ”Mangel på natur i nærområdet” er lite vektlagt som hinder m.o.t. friluftslivsundervisning ved eigen skule. Berre 10 (6,8%) respondentar nemner dette som eit hinder. Liknande funn gjer også Jacobsen m.fl (2001) i si undersøking når det gjeld fysiske rammelektorar. Der er 89,5% respondentane tilfreds med tilgang til naturområde og 92,2% tilfreds med fysiske føresetnader for opplæring i uteaktivitet og friluftsliv. Tilgang til natur gir eit godt grunnlag for friluftslivsundervisning i grunnskulen.


4.2.3 Tverrfagleg samarbeid

I kap. 4.2.2, tabell 3a såg vi at ”Vanskeleg å få til tverrfagleg samarbeid” var nemnt som eit hinder med omsyn til friluftslivsundervisning av berre 11 (7,5%) av respondentane. Dette er interessant då vi veit at tverrfagleg samarbeid kan vere tidkrevjande og vanskeleg å få ”godt nok til” i skuleverket. Det kan vere vanskeleg å få frigjort nok tid til god friluftslivsundervisning utan tverrfagleg eller fleirfagleg samarbeid, der ein til dømes slår saman timane i kroppsøving og natur og miljøfag. Dersom kroppsøvingslærarane ikkje ser denne moglegheita, eller er villig til å bruke energi i slike samarbeidsformer, kan dette vere med på å forklare den lave prioriteringa av friluftslivet i ungdomsskulen. Av figur 2a ser vi om kroppsøvingslærarane samarbeider med andre fag for å få til friluftslivsundervisning i ungdomsskulen.



Figur 2a. Fordeling av kr.øv.lærarar som samarbeider/ikkje samarbeider med andre fag for å få til undervisning i friluftsliv (prosentvis fordeling, N=104)

Av figur 2b ser vi om informantane meiner at samarbeid med andre fag er ein føresetnad for god friluftslivsundervisning i ungdomsskulen.



Figur 2b. Tverrfagleg samarbeid; ein føresetnad for god friluftslivsundervisning (prosentvis fordeling, N=103)


Figur 2a viser at heile 4/5 (78,8%) av kroppsøvingslærarane samarbeider med andre fag for å få til friluftslivsundervisning i ungdomsskulen. Av figur 2b ser vi vidare at ein noko lågare andel, 62,1% av lærarane, meiner at tverrfagleg samarbeid er ein føresetnad for god friluftslivsundervisning, medan 37,9% meiner at det er mogleg å få til god undervisning utan å arbeide tverrfagleg. Dette viser at eit stort fleirtal av kroppsøvingslærarane ser på – og brukar tverrfagleg samarbeid som ei moglegheit for å skape seg rom på timeplanen og samarbeidspartnarar i lærarkollektivet. Men, kan dette vere med på å forklare den lave prioriteringa av friluftsliv i ungdomsskulen? Ei forklaring kan vere at emne som krev tverrfagleg samarbeid ofte er tidkrevjande. I ein elles travel kvar dag prioriterar ein vekk emne som krev litt ekstra – i alle høve over tid. Det kan vel då verte minimumsløysingar med lav prioritering av emnet? Vi såg også i kap. 4.2.2 at ”For mykje organisering/avtaling med andre i skulemiljøet for å få til friluftslivsundervisning” er avkryssa som største hinder m.o.t. friluftslivsundervisning av 31,3% av respondentane.

Undersøkinga til Jacobsen m.fl (2001) har sett på tverrfagleg samarbeid generelt i høve kroppsøvingsfaget. Lærarane skal her krysse av for i kva grad dei er enig eller uenig med utsagnet: ”Kroppsøvingsfaget har vist seg å være dårlig egnet til å medvirke i tverrfaglig arbeid”. Forskarane har sett dette i forhold til skulesteg. Dei konkluderer med følgjande:

”Det er 51% av lærerne som er ”uenig” i at kroppsøvingsfaget egner seg dårlig til tverrfaglig arbeid, mens 43% er ”enig”. Av de mannlige lærerne er 40% enige i at faget er dårlig egnet, mens bare 26% av kvinnene sier det samme. Elles ser småskolelærerne mer positivt på fagets egnethet til tverrfaglig arbeid enn ungdomsskolelærerne”. (Jacobsen m.fl 2001 :107)

Her har forskarane sett på kroppsøvingsfaget generelt, medan denne undersøkinga ser på tverrfagleg samarbeid berre i forhold til friluftsliv. Vi såg at nesten 80% av kroppsøvingslærarane, i mi undersøking, samarbeidde med andre fag for å få til friluftslivsundervisning. Det ser då ut til at lærarane i større grad ser at det er naudsynt med tverrfagleg samarbeid i høve friluftsliv enn i høve kroppsøvingsfaget generelt (når vi ser på tala over).

Til slutt ser vi av figur 2c kva for fag kroppsøvingslærarane har samarbeidd med for å få til friluftslivsundervisning.



Figur 2c. Fag som kroppsøvingslærarane samarbeider med m.o.t. friluftslivsundervisning
(frekvensfordeling, N=225)


Flest av respondentane samarbeider med natur og miljøfag (74), heimkunnskap (41), samfunnsfag (35), og kunst og handverk (27). Dette er ikkje uventa, då dette er fag som tradisjonelt er lette å knyte til kvarandre og som kan ha liknande målsettingar og innhaldsområde.

4.2.4 Tradisjon/kultur ved skulen

I forhold til å prioritere eit emne kan tradisjonen/kulturen ved ein skule vere med på å gi motivasjon, den kan verke demotiverande, eller ein plass midt imellom.


Når det her vert snakka om tradisjon og kultur i forhold til friluftsliv, skal vi sjå på desse faktorane: Haldningar frå ulike partar i skulemiljøet, vilje til tilrettelegging, generell prioritering av friluftsliv ved skulen og i kroppsøvingslærarkollektivet, og om ein føler støtte frå kollegaer under planlegging og gjennomføring av friluftslivsopplegg. Vi skal i fortsettinga vurdere dei nemnde faktorane i høve til prioritering av friluftsliv.

Av figur 3a ser vi korleis lærarane opplever haldninga (positiv/negativ) til friluftsliv frå administrasjonen si side.



Figur 3a. Haldning til friluftsliv frå administrasjonen si side (prosentvis fordeling N=135)

Av figur 3b ser vi korleis lærarane opplever haldninga i høve friluftsliv frå kollegaer si side.




Figur 3b. Haldningar frå kollegaer si side i høve friluftsliv (prosentvis fordeling, N=129)

Figurane 3a og 3b syner at nesten 95% av kroppsøvingslærarane opplever ei positiv haldning i forhold til friluftsliv, frå så vel administrasjon som kollegaer.

Dersom skulane prioriterer tilrettelegging for nærmiljøfriluftsliv (uteskule) gjennom å lage seg eit område med t.d. gapahuk, bålsplass, lavvo og liknande, så skulle ein tru at det var lettare å drive med/prioritere friluftslivsundervisning.


Figur 3c viser i kor stor grad slik tilrettelegging for nærmiljøfriluftsliv (uteskule) har vorte gjort ved ungdomsskulane i Møre og Romsdal.



Figur 3c. Tilrettelegging for uteskule ved eigen ungdomsskule (prosentvis fordeling, N=141)

Sjølv om vi såg i kap. 4.1, tabell 1b at friluftslivet var lågt prioritert samanlikna med dei andre hovudemna på ungdomsseget, så ser vi at 46,8% av respondentane stadfester ei eller anna form for tilrettelegging for uteskule ved eigen skule.


Vi skulle tru at dersom respondentane føler at friluftsliv, generelt sett, er eit prioritert emne i ungdomsskolemiljøet så er det lettare å arbeide med det. I figur 3d ser vi nærmare på dette.



Figur 3d. Respondentane si oppleving av friluftsliv som prioritert/ikkje prioritert emne ved ungdomsskulen (prosentvis fordeling, N=130)

Vi ser av figuren at litt over halvparten (54,6%) av respondentane opplever, generelt sett, at friluftsliv er eit prioritert emne, medan 45,4% opplever emnet som ikkje prioritert ved eigen ungdomsskule.


Vidare ser vi av figur 3e korleis respondentane opplever at friluftslivet vert prioritert som fagområde i kroppsøvingslærarkollegiet.



Figur 3e. Respondentane si oppleveling av friluftsliv som prioritert/ikkje prioritert fagområde hjå kroppsøvingslærarane ved eigen ungdomsskule (prosentvis fordeling, N=133)

Samanliknar vi generell prioritering av friluftsliv i skolemiljøet (fig. 3d) og respondentane si oppleveling av prioritering i kroppsøvingslærarkollegiet i figur 3e, finn vi om lag same prosentvis fordeling vedrørane prioritering. Litt over halvparten (53,4%) opplever friluftsliv som prioritert, medan litt under halvparten (46,6%) opplever emnet som ikkje prioritert.

Friluftslivsturar, enten det er i nærmiljøet eller ein skal lengre bort, krev meir planlegging, informering, organisering og tilrettelegging enn om ein skal spele fotball ute på skuleplassen. For at kroppsøvingslæraren skal ta denne ekstrainnsatsen, er det viktig at han føler støtte frå kollegaer i skolemiljøet. Respondentane vart derfor spurt om dei føler slik støtte ved planlegging/gjennomføring av friluftslivsopplegg. Dette går fram av figur 3f.



Figur 3f. Kroppsøvingslærarane si kjensle av støtte/ikkje støtte frå kollegaer, ved planlegging/gjennomføring av friluftslivsopplegg ved eigen skule (prosentvis fordeling, N=131)

Heile 87,8% av respondentane føler støtte frå kollegaer, medan berre eit lite mindretal på 12,2% føler det motsette ved planlegging og gjennomføring av friluftslivsopplegg.

I dette kapittelet har vi sett på korleis respondentane opplever tradisjon/kultur ved ungdomsskulane i høve friluftsliv. Av fig. 3a og b såg vi at om lag 95% av respondentane opplever ei positiv haldning frå så vel administrasjon som lærarkollegaer i høve friluftsliv, og av fig. 3f såg vi også at nesten 90% av informantane føler støtte frå lærarkollegaer ved planlegging/gjennomføring av friluftslivsoppleg. Ut frå dette er det freistande å slutte at dette er eit godt utgangspunkt for å drive friluftslivsundervisning, og at det ikkje er her vi kan finne ei medverkande forklaring på den lave prioriteringa av tid til hovudemnet friluftsliv i ungdomsskulane i Møre og Romsdal. Men, vi skal også vere merksame på at det finst undersøkingar, gjennomført med annan metode, som peikar i motsatt lei. Den kvalitative undersøkinga til Repp (93) konkluderer m.a. med:

”* Manglande engasjement og forståing hos lærarar for friluftsliv, uteskule, miljølære o.l. verkar som sperre. Det same gjeld eit konservativt formidlings- og kunnskapssyn hos kollegaer.

*Lojalitetsomsyn, kjensle av manglande støtte, og uvisse – kanskje jamvel frykt – m.o.t. kollegane sine reaksjonar, kan vere ei sperre for bruk av friluftsliv og uteskule i grunnskulen.

*Mangelfull informasjon i kollegiet kan øydeleggje for ei god utvikling av nye idear og tiltak.” (Repp 1993 : 126)

Vurdering av kollegaer i forhold til om dei representerar positiv/negativ haldning, eller om ein føler støtte i samband med gjennomføring av (i dette tilfellet) friluftslivsopplegg, kan vere vanskelege/litt vare spørsmål i ei undersøking. Repp (1993) spør intervjuobjekta om kollegiet kan verke som ei sperre for nye tiltak og andre måtar å gjennomføre opplegg og undervisning på. Han seier:

”Ingen avviser dette i svara, men dei færraste er særleg viljuge til å kome inn på kollegiet si rolle, bortsett frå i reint generelle vendingar”. (Repp 1993 : 112)

Dette peikar i retning av at resultat som gjeld haldningar og kjensler skal ein vere forsiktig med å generalisere utifrå ved kvantitative undersøkingar. Ein må gå meir i djupna for å avdekke slike faktorar.

Av fig. 3c såg vi at 46,8% av respondentane meiner at det er ei eller annan form for tilrettelegging for uteskule ved eigen ungdomsskule. Dette skulle tilseie at neste halvparten av ungdomsskulane i fylket har eit godt utgangspunkt for å drive nærmiljøfriluftsliv. Det går ikkje fram av undersøkinga om respondentane arbeider ved reine ungdomsskular eller kombinerte barne og ungdomsskular. Ved dei kombinerte skulane kan det vere at tilrettelegginga har vorte gjort i forhold til småskule og mellomtrinnet der vi veit at frekvensen av friluftsliv er større (jf. Jacobsen m.fl 2001).

I kap. 4.1, tabell 1b såg vi den låge prioriteringa kroppsøvingslærarane gav friluftslivet som hovudemne vedrørande prioritering av tid (1. prioritet 6,9%). Det er då noko forunderleg at fig. 3d og e viser at over halvparten av informantane (53,4%) meiner at friluftslivet er prioritert som fagområde i kroppsøvingskollegiet og generelt ved skulen (54,6%). Kan eit mogleg svar vere at ca. halvparten av respondentane føler ”varme tankar” for friluftslivet både generelt i skulemiljøet og i kollegiet, men når det kjem til prioritering av tid og reell handling vert det prioritert bort?

4.2.5 Kompetanse

Vi har tidlegare konstatert lav prioritering av friluftsliv i forhold til dei andre hovudemna i kroppsøvingsfaget. Av kap. 4.2.1, tabell 2a såg vi også at kun 6 respondentar, eller 14%, grunngir manglande friluftslivsundervisning med mangefull kompetanse. Det er nærliggjande å tru at du prioriterer lågare emne som du er usikker i/har lav kompetanse på, enn emne som du er trygg i/har høg kompetanse på. Vi skal i tabell 4a sjå nærmare på informantane sin kroppsøvings- og friluftslivsfaglege kompetanse på høgskule-/universitetsnivå.

Tabell 4a. Utdanning innanfor kroppsøving på høgskule-/universitetsnivå (N=144)

Utdanning innanfor kroppsøving på høgskule-/universitetsnivå:	Frekvens	%
Ingen formell utdanning	44	30,6
Kroppsøving 5 vt. (15 stp.)	23	16,0
Kroppsøving 10 vt. (30 stp.)	15	10,4
Kroppsøving 20 vt. (60 stp.)	52	36,1
Faglærarutd. krø. m. idrett mellomfag	7	4,9
Hovudfag kroppsøving	1	0,7
Anna universitets-/høgskuleutdanning	2	1,4

Tala fortel at nesten 1/3 av kroppsøvingslærarane ved ungdomsskulane i Møre og Romsdal ikkje har formell høgskule-/universitetsutdanning innanfor kroppsøving. Om vi skal våge oss

til å generalisere, så kan ein seie at i ei tid der forskingsresultat peikar i retning av kroppsleg forfall hjå ungdom, og der vi meiner at utdanningskvalitet kan ha samanheng med utdanningsgrad, er det noko overraskande at 1 av 3 kroppsøvingslærarar i Møre og Romsdal ikkje har noko form for formell utdanning i faget.

Vi ser vidare at 36,1% av kroppsøvingslærarane har 60 studiepoeng. Ved summering finn vi at 68,1% av respondentane har 15 studiepoeng eller meir innanfor kroppsøvingsfaget.³

Innanfor kroppsøvingsstudier på 15-, 30- og 60 studiepoengsnivå har studentane ei eller anna form for friluftslivsundervisning, men vi veit også at denne undervisninga har mest preg av innføring i friluftsliv og liten grad av fordjupning. Tradisjonelt har mange av desse kroppsøvingsutdanningane prioritert idrettane meir enn friluftslivet.

Den kvalitative undersøkinga til Repp (1993) ser også på utdanning innanfor friluftsliv, men her vert det fokusert på friluftslivsskolering generelt i lærarutdanninga. Funna til Repp peikar også i retninga av for svak opplæring i emnet. Han konkluderer med at lærarane har fått mangefull friluftslivsopplæring i lærarutdanninga si, og at enkelte skular har kompetanse på bruk av natur, uteskule og friluftsliv utan at skulen nyttar kompetansen, verken innanfor kroppsøvingsfaget eller i andre relevante samanhengar.

Av tabell 4b ser vi kva for høgskule-/universitetsutdanning informantane har innanfor hovudemnet friluftsliv.

Tabell 4b. Utdanning innanfor friluftsliv på høgskule-/universitetsnivå (N=131)

Utdanning innanfor friluftsliv på høgskule-/universitetsnivå:	Frekvens	%
Ingen formell utdanning	116	88,6
Friluftsliv 10 vt. (30 stp.)	10	7,6
Friluftsliv 20 vt. (60 stp.) årsstudie/mf.	3	2,3
Faglærarutd. krø. m. fril. liv mellomfag	2	1,5
Hovudfag friluftsliv	-	-
Anna universitets-/høgskuleutdanning	-	-


Heile 88,6% (116) av respondentane har inga formell utdanning innanfor friluftsliv ut over det dei eventuelt har av innføringskurs i grunnutdanninga.

Berre 11,4% (15) av respondentane har ei utdanning med 30 studiepoeng friluftsliv eller meir.

³ Tek ikkje omsyn til ”Anna universitets-/høgskuleutdanning”, då dette er idrettens B-kurs.

Vi kan konkludere med at eit lite mindretal (11,4%) av kroppsøvingslærarane i ungdomsskulen i Møre og Romsdal har spesiell utdanning innanfor hovudemnet friluftsliv. Dette kan vere ei medverkande årsak til at hovudemnet friluftsliv er lavt prioritert. At berre eit lite mindretal av respondentane har spesiell utdanning innanfor friluftsliv er heller ikkje så rart, då friluftsliv som eige høgskulefag kom fyrst på byrjinga av 80-talet. Høgskulen i Telemark og Norges Idrettshøgskule var fyrst ute med reine friluftslivsstudium. Studieadministrasjonane ved dei respektive høgskulane opplyser at det vart starta friluftsliv som valretning i 2-årig idrettsstudium (20 v.t.) ved Høgskulen i Telemark studieåret 1980/81 og mellomfagstillegg (20 v.t.) ved Norges Idrettshøgskule hausten 1982. I dag er det fleire av høgskulane som har friluftsliv som studiefag i fagtilbodet sitt.

Av figur 4a ser vi respondentane si oppleving av eigen kompetanse til å undervise i friluftsliv ungdomsskulen.



Figur 4a. Oppleving av eigen kompetanse til å undervise i friluftsliv i ungdomsskulen
(prosentvis fordeling, N=134)

Vi ser at heile 57,5% av kroppsøvingslærarane opplever å ha mangelfull kompetanse for å undervise i friluftsliv i ungdomsskulen.

I rapporten til Jacobsen m.fl (2001) finn ein ikkje oversikt over utdanningsnivå, men dei ber lærarane vurdere eigen undervisningskompetanse. Vi finn at 74,3% av respondentane vurderer kompetansen sin som ”Meget tilfredsstillende” eller ”Tilfredsstillende” innanfor hovudemnet friluftsliv/uteaktivitetar (Tabell 5.3.1 : 142). Dei seier også: ”Flere menn (82,5%) enn kvinner (67,1%) er ”tilfreds” eller ”meget tilfreds” med egen kompetanse for å undervise i friluftsliv/uteaktivitetar. Med økende formalkompetanse øker prosentandelen (fra 71,1% til 83,9%).” (Jacobsen m.fl 2001 : 145)


Det er vanskeleg å forstå at så mange er nøgde med eigen friluftslivskompetanse i Jacobsen m.fl (2001) si undersøking, når vi ser av mi undersøking at 88,6% (Tabell 4b) av

informantane ikkje har formell utdanning i emnet og 57,5% (fig. 4) opplever å ha mangelfull kompetanse. Dei kan vel ikkje ha så mykje meir spesiell friluftslivskompetanse i fylka som dei undersøkte? Kan det vere ei forklaring at friluftsliv på grunnskulenivå vert lagt opp såpass enkelt at dei meiner å ha nok utdanning gjennom kroppsøvingsutdanninga si, eller ”livets skule”, og at ein ikkje treng spesialutdanning? Friluftsliv er også eit emne som mange nordmenn meiner å ha greie på. Det er også ein realitet at mange i Norge praktiserer og har erfaring med friluftsliv. Det har vore ein del av den norske tradisjonen og kulturen.

4.2.6 Behov for etterutdanning

Tidlegare (kap. 1.1 og 1.2) har vi sett at friluftsliv vart prioritert av absolutt flest respondentar (35,9%) m.o.t. vidareutdanning, og ut frå denne og andre undersøkingar kan det sjå ut som arbeidsgivarsida må betre rammevilkåra (spesielt økonomi og tid) for deltaking i etter- og vidareutdanning (Sætre 2003). Undersøkinga viste også at heile 95,8% av respondentane føler behov for etterutdanningskurs, medan 51,9% føler behov for vidareutdanningskurs innanfor det idrettsfaglege området på lengre sikt. Stort behov for etter- og vidareutdanning signaliserer behov for oppdatering av kunnskap og kan vere ein indikator på mangelfull kompetanse med omsyn til undervisning i eit emne.

Av figur 5a ser vi respondentane sitt behov for etterutdanning innanfor fagområdet friluftsliv.



Figur 5a. Behov for etterutdanning innanfor fagområdet friluftsliv
(prosentvis fordeling, N=141)

Tala i fig. 5a viser at heile 83,7% av respondentane har behov for etterutdanning innanfor fagområdet friluftsliv. Berre 16,3% svarar at dei ikkje har eit slikt behov.

I spørjeskjemaet skulle informantane krysse av for type friluftsliv dei har absolutt størst behov for etterutdanning i (kun eit kryss). Her har fleire av dei 147 respondentane likevel to eller fleire avkryssingar. Tabell 5a viser frekvensen av avkryssingar ulike type etterutdanningskurs har fått i spørjeskjemaet.

Tabell 5a. Type friluftsliv respondentane har absolutt størst behov for etterutdanning i (N=147)

Type friluftsliv:	Frekvens
Nærmiljøfriluftsliv (gang-/sykkelavstand frå skulen)	53
Kystfriluftsliv	39
Skog og mark på barmark	26
Høgfjell/snaufjell (vår, sommar, haust)	30
Vinterfriluftsliv	30
Friluftsliv på bre	27

Nærmiljøfriluftsliv (53) og kystfriluftsliv (39) har informantane størst behov for etterutdanning i. Elles er frekvensfordelinga stort sett lik mellom dei andre kategoriene av friluftsliv i høve etterutdanning.

Jacobsen m.fl (2001) si undersøking viste at heile 80,3% av lærarane hadde behov for etterutdanning i kroppsøving. Her fordelte styrken på behova seg slik: dans (n=213), generelle emne (n=78), friluftsliv (n=52) og idrett (n=22). Behovet for etterutdanning var størst på ungdomstrinnet (87,6%) og lavast på småskuletrinnet (70,2%)

Samanliknar vi resultata, ser det ut som at styrken på behov når det gjeld etterutdanning endrar seg når respondentane må prioritere mellom ulike kroppsøvingsfaglege emne. Hjå Jacobsen m.fl (2001) kjem friluftsliv som 3. prioritet, medan lærarane i denne undersøkinga har eit svært stort behov (83,7%) for etterutdanning i friluftsliv.


Totalt sett viser dei nemnde undersøkingane eit stort behov for etterutdanning hjå kroppsøvingslærarar. Arbeidsrapport nr. 139 (Sætre 2003) viser at behovet for vidareutdanning er størst innanfor friluftsliv. Denne undersøkinga viser stort behov for etterutdanning innanfor hovudemnet friluftsliv.

Innleiingsvis (kap. 1.1 og 1.2) vart det vist til St.meld. nr. 39 Friluftsliv (Miljøverndep. 2001), der friluftslivet var gjort til satsingsområde både i samfunn og skule, og det vart vist til L97 (KUF 1996) der friluftsliv vart hovudemne. Vi stilte spørsmålet om skulen/lærarane er klar til å satse – har dei kompetanse til å satse på friluftsliv?

Resultat frå denne undersøkinga viser at 88,6% av respondentane ikkje har formell friluftslivsutdanning på høgskule-/universitetsnivå, 57,5% opplever å ha mangelfull kompetanse og 83,7% har behov for etterutdanning i emnet. Dette peiker i retning av at vi gjennom L97 har gjort obligatorisk eit emne som mange kroppsøvingslærarar i ungdomsskulen har mangelfull kompetanse for å undervise i (j.f. kap. 1.2). Når vi såg av kap. 4.2.5 tabell 4a at heile 30,6%, eller nesten 1/3 av respondentane frå ungdomsskulane i Møre og Romsdal, ikkje har formell høgskule-/universitetsutdanning innanfor kroppsøving, så kan ein stille spørsmål ved om kvaliteten i kroppsøvingsfaget er god nok.


4.2.7 Trivsel og personleg interesse for friluftsliv

Det skulle vere nærliggjande å tru at ein prioriterer emne som ein trivst med å undervise i, framfor emne der ein føler mistrivsel. Respondentane sin trivsel ved friluftslivsundervisning ser vi av figur 6a.



Figur 6a. Trivsel ved friluftslivsundervisning (prosentvis fordeling, N=107)

Ei vanleg oppfatning er at vi er villige til å yte ein ekstrainnsats innanfor emne og fagområde vi er personleg interessert i. Av figur 6b ser vi respondentane si personlige interesse for fagområdet friluftsliv.



Figur 6b. Personleg interesse for fagområdet friluftsliv (prosentvis fordeling, N=142)

Av figur 6a ser vi at heile 99,1% av respondentane, eller 106 av 107 som har svart på spørsmålet, trivst med med å drive friluftslivsundervisning. Figur 6b viser at heile 93,7% av informantane er personleg interessert i fagområdet friluftsliv (133 av 142). Ut frå denne undersøkinga kan det sjå ut som om trivsel og personleg interesse ikkje er ein avgjerande faktor med tanke på prioritering av friluftslivsundervisning ved dei undersøkte ungdomsskulane. Andre nemnde faktorar som er lagde fram som årsaker til lav prioritering av friluftslivet, må vere såpass sterke at sjølv om lærarane trivst, og er personleg interessert i emnet, så vert det likevel ikkje prioritert. Men, ei svakheit som her kjem fram ved spørjeskjemaet er at det ikkje graderer trivselen. Vi får såleis ikkje vite noko om dei berre trivst litt eller trivst svært godt med friluftslivsundervisning.


Under samandrag og konklusjonar i Repp (1993) si kvalitative undersøking er der funn som peikar i retning av at mistrivsel er eit problem i høve friluftslivsundervisning i grunnskulen:

”* Lærarar får disiplinvanskar p.g.a. for store klasser, ikkje minst på ekskursjonar og friluftslivsopplegg. Dette skaper misstrivnad og därleg læring, og det kan – i verste fall – føre til ulykker.” (Repp 1993 : 126)

Når det gjeld trivsel ser vi motstridande funn i undersøkinga til Repp (1993) samanlikna med resultat frå denne undersøkinga. Ei forklaring på dette kan vere metodisk tilnærming til problemstillinga. Repp har ei kvalitativ tilnærming, medan denne undersøkinga har ei kvantitativ tilnærming.

Kvalitative undersøkingar, der ein går meir i djupna, er ofte betre egna til kartlegging av kjensler og haldningar.

Antal dagar pr. år respondentane driv friluftsliv i fritida skulle vere ein indikator på grad av personleg interesse. Dette kjem fram av figur 6c.



Figur 6c. Antal dagar pr. år informantane driv friluftsliv i fritida
(prosentvis fordeling, N=145)

Av figur 6c ser vi at 62,1% (90) av informantane driv friluftsliv mellom 20 og 50 dagar pr. år. Ved innlegging av data i SPSS viste det seg at skjemaet skulle hatt ein rubrikk for over 50 dagar. Mange av respondentane kryssa av for 20 – 50 dagar og skreiv på skjemaet at dei praktiserte friluftsliv i fritida, over 50 dagar pr. år. I fig. 6b såg vi at 93,7% av informantane meinte at dei var personleg interessert i friluftsliv. Då skulle ein kanskje tru at det var fleire enn 62,1% av kroppsøvingslærarane som dreiv friluftsliv i fritida med eit omfang av 20-50 dagar. Ei forklaring på dette kan vere grad av interesse. Ein kan krysse av for personleg interessert utan at ein brukar svært mykje av fritida si på friluftsliv. Likevel så ser vi her at over 3/5 av respondentane brukar mykje av fritida si på friluftsliv. Kan det vere at nokre av desse får tilfredsstilt behovet for natur og friluftsliv i fritida, og såleis ikkje brukar energien sin på friluftsliv i skuletida? Eller, skal vi seie at så stor grad av personleg interesse må vere det beste utgangspunkt for å få fart på friluftslivsundervisninga i ungdomsskulen, om rammene er til stades.

4.3 Målloppnåing

Respondentane skulle her krysse av på ein gradert skala for grad av måloppnåing knytt til dei ulike hovudmomenta for kvart årstrinn i L97. Under ser vi resultat for kvart av årstrinna.

4.3.1 Grad av måloppnåing

Tabell 6a. Grad av måloppnåing for 8. kl (prosentvis fordeling)

Hovudmoment friluftsliv 8. kl:	Ingen	Liten	Noko	Stor	Meget stor	Svært stor
1. Elevane skal tilegne seg kunnskap om og få røynsle med ulike måtar å bruke nærmiljøet på. N=77	1,3	5,2	10,4	48,1	27,3	7,8
2. Elevane skal få røynsle med turar på berrmark og snø, til dømes fottur, skitur, sykkeltur, skeisetur. N=79	1,3	3,8	11,4	32,9	34,2	16,5
3. Lære livberging i vatn. Øve seg i å nytte klede som flytemiddel, kunne livbergingshopp, islandføring, løft på land, og fullstendig hjarte- og lungeredning. N=73	9,6	6,8	16,4	19,2	39,7	8,2

Tabell 6b. Grad av måloppnåing for 9. kl (prosentvis fordeling, N=71)

Hovudmoment friluftsliv 9. kl:	Ingen	Liten	Noko	Stor	Meget stor	Svært stor
1. Elevane skal oppleve kontakt og nærelük med naturen gjennom å planlegge og gjennomføre ein tur med overnatting i naturmiljø.	14,1	4,2	15,5	18,3	28,2	19,7
2. Elevane skal utvikle forståing for kor sårbar og sterk naturen er.	1,4	7,0	23,9	52,1	12,7	2,8
3. Elevane skal lære å ta ut og følgje kompasskurs og orientere seg i terrenget ved hjelp av turkart.	4,2	5,6	21,1	36,6	23,9	8,5

Tabell 6c. Grad av måloppnåing for 10. kl (prosentvis fordeling)

Hovudmoment friluftsliv 10. kl:	Ingen	Liten	Noko	Stor	Meget Stor	Svært stor
1. Elevane skal få røynsle med å vere ute om vinteren. N=68	-	10,3	26,5	25,0	23,5	14,7
2. Elevane skal få høve til utfordringar som er både spennande og utfordrande. N=69	1,4	2,9	30,4	33,3	23,2	8,7
3. Elevane skal få høve til estetiske opplevelingar. N=68	-	5,9	19,1	45,6	17,6	11,8
4. Elevane skal lære å vurdere terrenget m.o.t. sikkert vegval, rasjonering av eigne krefter, trygg ferdsel og miljøvern. N=66	-	12,1	30,3	45,5	9,1	3,0

Når vi ser på grad av måloppnåing for dei tre klassestega i ungdomsskulen samla, ser vi av tabell 6a, b og c, ved summering, at over 3/5 (variasjon fra 57,6 – 83,6%) av respondentane meiner at dei har ”stor”, ”meget stor”, eller ”svært stor” grad av måloppnåing på alle hovudmomenta for friluftsliv.

Sett i lys av resultatet presentert i kap. 4.1, tabell 1b, der vi såg at berre 6,9% av respondentane hadde prioritering av tid til friluftsliv i eiga kroppsøvingsundervisning som 1. prioritet, vert dette resultatet vanskeleg å forklare.

Kan det tenkast at lærarane har vanskeleg for å innrømme lav grad av måloppnåing, eller meiner lærarane at måloppnåinga verkeleg er så bra? Vart dette spørsmålet så omfattande at avkryssinga hamna ”midt på treet”, men litt mot det positive (”stor” grad av måloppnåing) utan nærmere vurdering? Spørsmåla her får eg ikkje svar på utan å gå meir i djupna – undersøke dette kvalitativt.

Det kan også tenkjast at vi har feil utgangspunkt. Dersom vi kuttar ”stor” grad av måloppnåing og seier at berre ”meget stor” og ”svært stor” grad av måloppnåing er på den positive sida, ser vi at biletet endrar seg og resultatet samsvarar meir med tidlegare presenterte data. Her varierer resultata mellom 12,1 og 50,7% når vi summerer. Hovudmomenta som då kjem klart dårlegast ut når det gjeld ”meget stor” og ”svært stor” grad av måloppnåing er:

- a) Mål nr.4, tabell 6c som går på vurdering av terrenget med omsyn til sikkert vegval, rasjonering av eigne krefter, trygg ferdsel og miljøvern (12,1% av respondentane).
- b) Mål nr.2, tabell 6b som går på å utvikle forståing for kor sårbar og sterk naturen er (15,5% av respondentane).


Utanom desse to måla varierer resultatet av ”meget stor” og ”svært stor” grad av måloppnåing mellom 29,4 og 50,7% (av respondentane).

5 INNHOLD OG ORGANISERING

Vidare kjem ein presentasjon av kroppsøvingslærarane sine erfaringar vedrørande innhald og organisering. Data vert her presentert ved hjelp av sjølvinstruerande figurar og tabellar samt korte kommentarar. Berre punkt 5.1 har ei form for drøfting.

5.1 Nærmiljøfriluftsliv

Respondentane vart spurta om kor ofte dei har turar med klassa/klassene til naturområde i nærmiljøet til skulen pr. år (dagsturar, halvdagsturar, dobbeltimar o.l). Dette går fram av figur 7a.



Figur 7a. Frekvensen av turar ei ungdomsskuleklasse har til naturområde i nærmiljøet pr. år (prosentvis fordeling, N=147)


Av fig. 7a gjer vi to spesielt interessante observasjonar. Vi har to klare ytterkantar. På den eine sida har vi ca. 1/3 (34,3%) av kroppsøvingslærarane som brukar naturområde i nærmiljøet aktivt; 5 turar eller meir pr. år. På den andre sida har vi ca. 1/3 (31,0%) som aldri har turar til naturområde i nærmiljøet. Dette spørsmålet vart stilt for å sjå i kva grad elevane har kontakt med naturen i nærmiljøet til skulen i kroppsøvingssamanheng.

Det er gledeleg å sjå at ca. 1/3 av informantane oppsøker nærmiljønaturen 5 gongar eller meir. Men, dersom vi ser på naturen i nærmiljøet som ”det store klasseromet/det verkelege klasseromet”, så kan ein vel seie at bruksfrekvensen av nærmiljønaturen er lav når nesten 1/3 aldri nyttar naturen i nærmiljøet, og 34,7% av elevane (ved summering 1-4 turar), har kontakt med nærmiljønaturen 4 gongar eller mindre i løpet av skuleåret. Dersom vi tek utgangspunkt i eit skuleår på 38 veker (med utgangspunkt i 4 turar), er dette litt mindre enn ein tur kvar 9. veke. Dette er lite når vi veit at 78,7% av kroppsøvingslærarane i Jacobsen (2001) si

undersøking sa seg ”helt enig” eller ”litt enig” i at ein utedag for veka har vorte meir vanleg på småskulesteget etter innføringa av L97.

5.2 Overnattingsturar


Kroppsøvingslærarane vart her spurde om antal overnattingsturar ein elev har i løpet av ungdomssteget. Dette går fram av figur 8a.



Figur 8a. Antal overnattingsturar ein elev har i løpet av ungdomssteget
(prosentvis fordeling, N=139)

Heile 1/3 (33,8%) av respondentane formidlar at ein elev, i løpet av ungdomssteget, kan oppleve å ikkje ha overnattingstur i det heile. 21,6% meiner at ungdomsskuleelevane har 1 overnattingstur, slik som L97 legg opp til, og 44,6% av informantane meiner at elevane har 2 eller fleire overnattingsturar. Det kan sjå ut som vi har tre grupperingar her. Dei som fyl intensjonane i L97 og har ein overnattingstur (21,6%). Dei som er aktive og har fleire overnattingsturar enn læreplanen legg opp til (44,6%), og 1/3 (33,8%) av informantane som ikkje fyl intensjonane i L97 i det heile.

Av figur 8b ser vi kor mange overnattingar som vert gjennomført på kvar av turane.




Figur 8b. Antal overnattingar på kvar av turane (prosentvis fordeling, N=91)

Heile 71,4% av respondentane gjennomfører ei overnatting ved overnattingstur.

Informantane vart spurde om dei gjennomfører overnattingsturane i gangavstand frå skulen.


Dette går fram av figur 8c.



Figur 8c. Overnattingsturar gjennomført i gangavstand frå skulen
(prosentvis fordeling, N=98)

Ca. 2/3 (69,4%) av respondentane gjennomfører ikkje overnattingsturar i gangavstand frå skulen.


Av figur 8d ser vi kor mange av respondentane som bruker motorisert transportmiddel for å gjennomføre overnattingsturane.



Figur 8d. Bruk av motorisert transportmiddel for å gjennomføre overnattingsturar
(prosentvis fordeling, N=96)

Ca. 3/5 (63,5%) av informantane brukar motorisert transportmiddel for å gjennomføre overnattingsturar.

Vidare viser figur 8e korleis elevane overnattar ved overnattingsturar.



Figur 8e. Type overnatting ved overnattingsturar (prosentvis fordeling, N=96)

Halvparten (50%) av respondentane brukar berre enkel overnatting som telt og liknande ved overnattaingsturar. Begge deler – både telt og hytte – vert nytta av 32,3% av kroppsøvingslærarane. Berre 17,7% brukar berre hytte ved overnattingsturar.

5.3 Type friluftsliv presentert i undervisninga

Respondentane som underviser i friluftsliv, skulle gjere greie for type friluftsliv som vert presentert i undervisninga , og krysse av for alle aktuelle alternativ. Svara er summerte opp i tabell 7a.

Tabell 7a. Type friluftsliv som er presentert i undervisninga (N=100)

Type friluftsliv:	Frekvens
Nærmiljøfriluftsliv – friluftsliv med gang-/sykkelavstand frå skulen	95
Kystfriluftsliv	61
Friluftsliv i skog og mark	88
Friluftsliv i høgfjell/snaufjell (vår, sommar, haust)	68
Vinterfriluftsliv	73
Friluftsliv på bre	1

Tabellen viser at dei fleste av respondentane som har svart på spørsmålet, presenterer nærmiljøfriluftsliv (95 av 100) og friluftsliv i skog og mark (88). Vi legg også merke til at friluftsliv på bre nesten ikkje er presentert i dei undersøkte ungdomsskulane (1 av 100).

5.4 Emne som er med i friluftslivsundervisninga


Informantane som underviser i friluftsliv, vart her spurt om kva for emne dei prioriterer i undervisninga, og skulle krysse av for alle emne som vart gjennomført. Tabell 8a gir ei framstilling av dette.

Tabell 8a. Emne som vert prioritert i friluftslivsundervisninga (N=100)

Emne:	Frekvens
Bruk av kokeutstyr	78
Bruk av bål	100
Bygging av gapahuk	28
Ulike typar telt	47
Bruk av lavvo	50
Orientering ved hjelp av kart	92
Orientering ved hjelp av kart og kompass	64
Naturkjennskap – plantar – dyr o.s.v.	59
Bruk av robåt, kano, kajakk	48
Segling	5
Fiske	54
Hauste frå naturen (bær, sopp, røter, o.s.v.)	27
Klatring ute	13
Klatring inne	10
Bekledning	95
Ver og vind	77
Eldre tids bruk av natur (kulturspor)	23
<u>Andre:</u> Nemnt; redning, trygg ferdsel, snø-skred, skeiser, bygge jordgamme, skileik, snøhole)	9

Alle informantane som har svart på spørsmålet (100) gir opplæring i bruk av bål, og dei aller fleste gir opplæring i orientering ved bruk av kart (92). Berre ca. 3/5 (64 av 100) av respondentane gir opplæring i orientering ved bruk av kart og kompass som er ei sentral målsetting i friluftsliv i L97. Med tanke på at kystkulturen har hatt eit sterkt rotfeste i Møre og Romsdal er det uheldig at berre ca. halvparten av informantane gir opplæring i bruk av båt (48) og fiske (54).

Av tabell 8a ser vi at emnet ”Bruk av robåt, kano, kajakk” har ein frekvens på 48 avkryssingar. Av desse har 35 gjort greie for type båtar dei nyttar i undervisninga. Dette er interessant då vi no satsar på kystfriluftsliv ved seksjonen. Dette går fram av figur 9a.⁴




Figur 9a. Type båtar lærarane nyttar i undervisningssamanheng.
(frekvensfordeling, N=35)

Av båttypane som vert nytta er kano (25 av 35) og robåt (14 av 35) mest brukta.

5.5 Teoriundervisning i friluftsliv

Vi skal no sjå korleis teoriundervisninga i friluftsliv vert lagt opp.

Figur 10a viser om respondentane gjennomfører reine teoritimar i friluftsliv eller ikkje.



Figur 10a. Reine teoritimar i emnet friluftsliv (prosentvis fordeling, N=110)


Ca. 2/3 (66,4%) av informantane har ikkje reine teoritimar, medan ca. 1/3 (33,6%) av respondentane nyttar reine teoritimar i friluftslivsundervisninga.

I kroppsøving har teoretisk lærestoff ein relativt sentral plass i den nye læreplanen. Sjølv om det meste av lærestoffet er av praktisk karakter, skal ein på ungdomssteget t.d. arbeide med livsstilssjukdomar og fysisk aktivitet. I ein slik kontekst finn Jacobsen m.fl (2001) at dei fleste av lærarane er uenige i utsagnet ”det er ønskelig at elevene arbeider med teoretiske emner

⁴ Nokre nyttar fleire båttypar då frekvensen av avkryssingar i figuren er 50.

også i kroppsøvingsfaget". Dei meiner at funnet er mest eit uttrykk for at lærarane ser at elevane trivst med praktisk verksemd, og at dei ikkje ynskjer å utvide skuledagen med meir teori. Dette kan også vere med på å forklare at ca. 2/3 av informantane i denne undersøkinga ikkje har reine teoritimar i emnet friluftsliv.


Figur 10b viser om kroppsøvingslærarane legg inn friluftslivsteori på turane.



Figur 10b. Friluftslivsteori knytt til turar (prosentvis fordeling, N=104)

Figuren viser at heile 91,3% av kroppsøvingslærarane knyter friluftsteorien til turane. Berre 8,7% gjennomfører turar utan noko form for teoriundervisning.


Figur 10c viser om informantane meiner at friluftsliv er erfaringsbasert og teori er unødvendig.



Figur 10c. Respondentane si meining om teori som nødvendig/unødvendig i undervisninga (prosentvis fordeling, N=89)

Det store fleirtalet av informantar (94,4%) meiner at teoriundervisning i friluftsliv er nødvendig. Kun eit lite mindretal (5,6%) meiner at friluftslivsundervisning er erfaringsbasert og at teori er unødvendig.


Av figur 10d ser vi om kroppsøvingslærarane nyttar lærebok eller ikkje.



Figur 10d. Bruk av lærebok i kroppsøvingsfaget (frekvensfordeling, N=112)

Figuren viser at dei aller fleste av respondentane (92 av 112) ikkje nyttar lærebok i kroppsøvingsfaget. Berre 20 av 112 respondentar brukar lærebok i faget.

Figur 10e viser om læreboka som vert nytta dekkjer emnet friluftsliv.



Figur 10e. Lærebok i kroppsøving som dekkjer/dekkjer ikkje emnet friluftsliv (frekvensfordeling, N=28)

Vi ser at svært få av informantane har svart på spørsmålet. Ei forklaring på dette kan vere at kroppsøvingslærarane ikkje veit om lærebøkene dekkjer emnet friluftsliv, då vi såg av fig. 10d at svært få nyttar lærebok.

6 OPPSUMMERING

Fyrst vert dei antatt viktigaste resultata når det gjeld prioritering av friluftsliv i ungdomsskulen og årsaker til desse prioriteringane presentert. Vidare følgjer ein presentasjon av resultat vedrørande innhald og organisering av friluftsliv i ungdomsskulen. Til slutt presenterer eg nokre personlege tankar om ”vegen vidare”.

6.1 Prioritering av friluftsliv i ungdomsskulen i Møre og Romsdal – viktige resultat

- Sju år etter innføringa av L97 viser undersøkinga at 1/3 av kroppsøvingslærarane i ungdomsskulen ikkje driv med noko form for friluftslivsundervisning, medan 2/3 av kroppsøvingslærarane har ei eller annan form for undervisning i emnet.
- Når det gjeld prioritering av tid til dei fire hovudemna på ungdomssteget, så er idrett høgst prioritert av 57,3% av respondentane. Fysisk aktivitet og helse vert prioritert høgst av 1/3 (33,0%) av informantane. Berre ca. 7% av informantane har friluftsliv og dans som 1.prioritet når det gjeld tidsbruk til dei fire hovudemna. Over 50% av respondentane nyttar 20 timer eller mindre pr. år til friluftslivsundervisning.
- Heile 30,6%, eller nesten 1/3 av respondentane frå ungdomsskulane i Møre og Romsdal, har ikkje formell høgskule-/universitetsutdanning i kroppsøving. 68,1% av respondentane har 15 studiepoeng eller meir innanfor kroppsøvingsfaget, og 36,1% av desse har 60 studiepoeng (årseining).

Heile 88,6% (116) av respondentane har inga formell utdanning innanfor friluftsliv ut over det dei har av innføringskurs i grunnutdanninga. Berre 11,4% (15) av respondentane har ei utdanning med 30 studiepoeng friluftsliv eller meir. Nesten 3/5 (57,5%) av kroppsøvingslærarane opplever sjølve å ha mangelfull kompetanse for å undervise i friluftsliv i ungdomsskulen. Dette kan vere ei medverkande årsak til at hovudemnet friluftsliv er lavt prioritert i ungdomsskulen. I innleiinga til problemstillinga (kap. 1.2) såg vi at fleire faktorar peikte i retning av at ein gjennom L97 gjorde obligatorisk eit emne som mange kroppsøvingslærarar i grunnskulen har mangelfull kompetanse til å undervise i. Dei faktiske tala som er vist over, stadfestar dette når det gjeld ungdomsskulen i Møre og Romsdal.

- 83,7% av respondentane har behov for etterutdanning innanfor fagområdet friluftsliv. Berre 16,3% har ikkje eit slikt behov. Nærmiljøfriluftsliv (53) og kystfriluftsliv (39) har informantane størst behov for etterutdanning i.

- Kroppsøvingslærarane opplever ”Økonomi” og ”Ustyr”, ”For få timar i kroppsøving pr. veke”, ”Organisering av skuledagen” og ”For mykje organisering/avtaling med andre...” som dei største hindera for å kunne gjennomføre friluftslivsundervisning i ungdomsskulen. Berre 6,8% av respondentane meiner at ”Mangel på natur i nærområdet” er eit hinder m.o.t. friluftslivsundervisning ved eigen skule. Samsvar i resultat viser også undersøking av ”tidslemma” og fysiske rammelektorar i Jacobsen m.fl (2001) si undersøking.

- Litt under halvparten, 46,5% av respondentane som ikkje driv friluftslivsundervisning i det heile, meiner at ”For få timar i kroppsøving - prioritering av andre emne” er den viktigaste årsaka til å ikkje drive friluftslivsundervisning. Summerer vi dette med det andre argumentet, som også går på tid – ”For kort samanhengande tid” (14,0%) – så finn vi at 60,5% av dei som kuttar friluftslivsundervisninga i ungdomsskulen nyttar tidsaspektet som det viktigaste argumentet.

- 78,8% av informantane som driv friluftslivsundervisning, samarbeider med andre fag for å få til denne undervisninga i ungdomsskulen. 62,1% av lærarane meiner at tverrfagleg samarbeid er ein føresetnad for god friluftslivsundervisning, medan 37,9% meiner at det er mogleg å få til god undervisning utan å arbeide tverrfagleg. Flest av respondentane samarbeider med natur og miljøfag (74), heimkunnskap (41), samfunnsfag (35), og kunst og handverk (27).

- Når det gjeld respondentane si oppleving av tradisjon/kultur ved ungdomsskulane, opplever om lag 95% av respondentane ei positiv haldning frå så vel administrasjon som lærarkollegaer i høve friluftsliv, og nesten 90% av informantane føler støtte frå lærarkollegaer ved planlegging/gjennomføring av friluftslivsopplegg. Repp (93) si kvalitative undersøking har motstridande funn. Dette kan peike i retning av at resultat som gjeld haldningar og kjensler skal ein vere forsiktig med å generalisere utifrå ved kvantitative undersøkingar.

- 46,8% av respondentane meiner at det er ei eller annan form for tilrettelegging for uteskule ved eigen ungdomsskule. Dette skulle tilseie at nesten halvparten av ungdomsskulane i fylket har eit godt utgangspunkt for å drive nærmiljøfriluftsliv.
- Heile 99,1% av respondentane som driv friluftslivsundervisning trivst med denne undervisninga. Heile 93,7% av alle informantane er personleg interessert i fagområdet friluftsliv, og 62,1% (90) av desse driv friluftsliv i fritida mellom 20 og 50 dagar pr. år. Ut frå denne undersøkinga kan det sjå ut som om trivsel og personleg interesse ikkje er ein avgjerande faktor med tanke på prioritering av friluftslivsundervisning ved dei undersøkte ungdomsskulane. Andre nemnde faktorar som er lagt fram vedrørande årsaker til lav prioritering av friluftslivet, må vere såpass sterke at sjølv om lærarane trivst og er personleg interessert i emnet, så vert det likevel ikkje høgt prioritert i kroppsøvingsfaget. Ved eit seinare høve bør dette resultatet undersøkast kvalitativt då det samsvarar därleg med Repp (93) si undersøking.

6.2 Innhold og organisering av friluftsliv i ungdomsskulen – viktige resultat

- Vi finn to klare ytterkantar når det gjeld grad av kontakt elevane har med naturen i nærmiljøet til skulen i kroppsøvingssamanheng. På den eine sida har vi ca. 1/3 (34,3%) av kroppsøvingslærarane som brukar naturområde i nærmiljøet aktivt; 5 turar eller meir pr. år. På den andre sida har vi ca. 1/3 (31,0%) som aldri har turar til naturområde i nærmiljøet.
- Når det gjeld overnattingsturar viser data frå undersøkinga tre grupperingar. Respondentar som fyl intensjonane i L97 og har ein overnattingstur (21,6%). Dei som er aktive og har fleire overnattingsturar enn læreplanen legg opp til (44,6%), og 1/3 (33,8%) som kuttar ut overnattingsturen og som såleis ikkje fyl intensjonane i L97 i det heile. Av dei som gjennomfører overnattingsturar brukar halvparten (50%) av respondentane berre enkel overnatting som telt og liknande ved overnattingsturar. Begge deler – både telt og hytte – vert nytta av 32,3% av kroppsøvingslærarane. Kun 17,7% brukar berre hytte ved overnattingsturar.

- Nærmiljøfriluftsliv – friluftsliv med gang-/sykkelavstand frå skulen er den typen friluftsliv dei fleste av kroppsøvingslærarane presenterer i undervisninga (95 av 100 respondentar). Som nr. 2 kjem friluftsliv i skog og mark (88). Friluftsliv på bre er nesten ikkje presentert i dei undersøkte ungdomsskulane (1 av 100).
- Når det gjeld faglege emne som informantane prioriterer i friluftslivsundervisninga, så gir alle informantane som har svart på spørsmålet (100) opplæring i bruk av bål, og dei aller fleste gir opplæring i orientering ved bruk av kart (92). Berre ca. 3/5 (64 av 100) av respondentane gir opplæring i orientering ved bruk av kart og kompass, som er ei klar målsetting (skal) i høve friluftsliv i L97. Med tanke på at kystkulturen har hatt eit sterkt rotfeste i Møre og Romsdal, er det uheldig at berre ca. halvparten av informantane gir opplæring i bruk av båt (48 av 100) og fiske (54 av 100). Av båttypar som vert nytta er kano (25 av 35) og robåt (14 av 35) mest brukta.
- Det store fleirtalet av informantar (94,4%) meiner at teoriundervisning i friluftsliv er nødvendig. Berre eit lite mindretal (5,6%) meiner at friluftslivsundervisning er erfaringsbasert og at teori er unødvendig.
Ca. 2/3 (66,4%) av informantane har ikkje reine teoritimar, medan ca. 1/3 (33,6%) av respondentane nyttar reine teoritimar i friluftslivsundervisninga.
Heile 91,3% av kroppsøvingslærarane knyter friluftsteori til turane. Berre 8,7% gjennomfører turar utan noko form for teoriundervisning.
Dei aller fleste av informantane (92 av 112) nyttar ikkje lærebok i kroppsøvingsfaget.

6.3 Tankar om vegen vidare

Undersøkinga har vist at friluftsliv er eit lavgjort prioritert hovudemne i kroppsøvingsfaget i ungdomsskulen i Møre og Romsdal, og andre undersøkingar viser same tendensen, også i andre fylker. Spørsmålet vidare vert då: Kva gjer vi med dette?

Vi ser at respondentane brukar ”Tidsklemma” som argument for å utelate eller minimalisere friluftslivsundervisninga. For å rette på tidsproblemet må vi arbeide vidare for å få auka timeramma til kroppsøvingsfaget, utviklinga i samfunnet tilseier også at dette er nødvendig. Inntil dette er ein realitet, må vi få til ei omprioritering i vektinga av dei ulike hovudemna, gi lærarane handlingskompetanse til å omprioritere og å organisere skuledagen slik at ikkje tidsklemma vert forsterka. For kroppsøvingsfaget og samfunnet totalt sett er nok også ei slik

omprioritering viktig m.o.t. haldningsskapande arbeid og langsiktig helsegevinst, då ei form for friluftsliv kan utøvast frå vugge til grav – det er ikkje like lett med andre idrettslege aktivitetar innanfor kroppsøvingsfaget.

Korleis få til ei omprioritering – kva må til? Truleg er stikkordet skolering/etterutdanning. Vi såg at behovet her er svært stort og at mange føler at dei har mangelfull kompetanse. Slik etterutdanning er også ekstra viktig når vi såg at 1 av 3 kroppsøvingslærarar i fylket ikkje har utdanning i det heile. Etter- og vidareutdanning kan gi ny kunnskap og erfaring slik at ein vert trygg i lærarrolla og ser nye muligheter. Ei viktig side her vert å skape gode rammer for slik etterutdanning. Fleire undersøkingar peikar i retning av at arbeidsgivarsida må betre rammevilkåra; spesielt økonomi og frigjering av tid for å få auka lærarane si deltaking i etterutdanning (j.f. Sætre 2001). Synteserapporten til Jacobsen m.fl (2003) konkluderer også med at det må krevjast ei sterkare fagdidaktisk bevisstgjering samt fokusering på handlingskompetanse i både lærarutdanning og etterutdanning når det gjeld emna friluftsliv og dans.

”Økonomi” og ”utstyr” var nemnt som hinder med omsyn til friluftslivsundervisning av mange respondentar. Det er klart at god økonomi og mykje fint utstyr kan gjere undervisningssituasjonen lettare for læraren, men er dette nødvendigvis eit alvorleg hinder for friluftslivsundervisning? Personleg trur eg ikkje det.⁵ Det enkle og nære friluftslivet – som ofte er det mest lærerike for elevane kan gjennomførast utan store kostnader. Det handlar også her om prioritering og å sjå desse enkle og nære mulighetene (etterutdanning).

Undersøkinga er nok noko dyster med tanke på prioritering av friluftsliv som hovudemne innanfor kroppsøvingsfaget, men samtidig gir resultat frå undersøkinga fleire positive signal. St.meld. nr. 39 Friluftsliv og L97 gir gode rammer for friluftslivsundervisning for lærarar som vil prioritere det. Data frå innhaldssida av undersøkinga viser at vi har ei gruppe lærarar som er aktive når det gjeld nærmiljøfriluftsliv (ca. 1/3 av ungdomsskulelærarane), og ein stor andel respondentar som har fleire overnattingsturar enn L97 legg opp til (44,6%). I tillegg har vi den vesle gruppa informantar (6,9%) som har friluftsliv som 1. prioritet av hovudemna. Desse lærarane, som tilsynelatande har fått til å prioritere friluftslivet, må trekkast fram som ”gode eksempl” i etterutdanningssamanheng. Vi såg også i kap. 3.2.2 at Jacobsen m.fl (2003) sine resultat peikar i retning av meir uteaktivitet på småskule- og mellomsteget enn på

⁵ Eg meiner sjølv sagt at skulane bør prioritere innkjøp av ”nødvendig” utstyr for gjennomføring av friluftslivsundervisning. Skulane sjølve må her gjere ei prioritering ut frå rammevilkår og type friluftsliv som skal gjennomførast.

ungdomssteget. Lærarar som arbeider mykje med uteaktivitet i barneskulen, kan såleis ha noko å tilføre ungdomsskulelærarane ved å nyttast som ”gode eksempel” og gi idear.

Vidare er det ein positiv tendens at svært mange av lærarane har augene opne for tverrfagleg samarbeid. Mange formidlar positiv haldning og personleg interesse i høve friluftsliv. Alle desse faktorane representerer eit godt utgangspunkt med tanke på å få fram ei sterke prioritering av hovudemnet friluftsliv i ungdomsskulen.

I kap. 4.2.5 vart det nemnt at utdanninga som lærarane har fått innanfor kroppsøvingsfaget, tradisjonelt har prioritert idrettane meir enn friluftslivet, og vi har sett at Jacobsen m.fl (2001) konstaterer at dess meir fagutdanning lærarane har, dess lavare prioriterer dei friluftslivet. Kan noko av årsaka til lav prioritering av friluftsliv i ungdomsskulen ligge i at kroppsøvingsutdanningane i høgskulen vektlegg for lite friluftslivet? Det ein berre har små drypp av i utdanninga er ikkje så viktig (friluftsliv), men det som dominerer utdanninga på det jamne er viktig (idrett)? Dersom ein meiner at ei fagdidaktisk bevisstgjering og ei sterke vektlegging av friluftslivet er viktig, må også vi som utdannar kroppsøvingslærarar for grunnskulen i større grad prioritere friluftslivet og vise prioriteringane gjennom praktisk handling.

REFERANSER

Bjørnsrud, H. (1995). *Læreplanutvikling og lærersamarbeid*. Oslo: Universitetsforlaget

Engelsen, B. Ulstrup (1997). *Kan læring planlegges? Arbeid med læreplaner – hva, hvordan, hvorfor*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Goodlad, J.I. (1979). *Curriculum Inquiry. The study of Curriculum Practice*. New York: McGraw Hill.

Griffin, G.A. (1986): Levels of Curricular Decision-making. I Gundem, B.B. (1986): *Kompendium 3*. Oslo: Pedagogisk Forskningsinstitutt Universitetet i Oslo.

Gundem, B. Brandzæg (1990). *Læreplanteori og læreplanpraksis*. Oslo: Universitetsforlaget.

Haug, A. (1993). *Natur og friluftsliv i barnehagen*. Rapport nr. 9309. Volda: Møreforskning.

Haug, P. (2003). *Evaluering av Reform 97. Sluttrapport fra styret for Program for evaluering av Reform 97*. Norges forskningsråd. (Fulltekst: <http://www.program.forskningsradet.no/reform97/uploaded/nedlasting/sluttrapportR97.pdf>)

Jacobsen, E.B., Moser, T., By, I.-Å., Fjeld, J.B., Gundersen, K.T. & Stokke, R. (2001). *L97 og kroppsøvingsfaget – fra blå praktbok til grå hverdag? – Lærernes erfaringer knyttet til den nye læreplanen i kroppsøving*. Hovedrapport 1. Tønsberg: Høgskolen i Vestfold, rapport 3/2001.

Jacobsen, E.B., Moser, T., By, I.-Å., Fjeld, J.B., Gundersen, K.T. & Stokke, R. (2002). *L97 og kroppsøvingsfaget – fra blå praktbok til grå hverdag? – Elevenes og lærernes erfaringer knyttet til den nye læreplanen i kroppsøving*. Hovedrapport 2. Tønsberg: Høgskolen i Vestfold, rapport 5/2002.

Jacobsen, E.B., Moser, T., By, I.-Å., Fjeld, J.B., Gundersen, K.T. & Stokke, R. (2003). *L97 og kroppsøvingsfaget – Fra blå praktbok til grå hverdag? – Synteserapport*. Tønsberg: Høgskolen i Vestfold.

Jacobsen, E.B. (2002). Lærernes utdanningsnivå som skjult læreplan?? I: *Kroppsøving*, 52 (1), 16-21.

KUF (1987). *Mønsterplanen for grunnskolen*. Oslo: Kirke-, Utdannings- og Forskningsdepartementet/Aschehoug.

KUF (1996). *Læreplanverket for den 10 – årige grunnskolen*. Oslo: Kirke-, Utdannings- og Forskningsdepartementet.

Repp, G. (1993). *Natur og friluftsliv i grunnskulen*. Rapport nr. 9308. Volda: Møreforskning.

St.meld. nr 39 (2000-2001). *Friluftsliv – Ein veg til høgare livskvalitet*.
Oslo: Miljøverndepartementet

Sætre, F. (2000). *Kroppsøving – Utdanning, yrkesforhold og frivillig organisert idrett. Ei kartlegging av personell utdanna ved lærarutdanninga i Volda i perioda 1970 – 2000*. Arbeidsrapport nr. 99. Volda: Høgskulen i Volda.

Sætre, F. (2001). *Kroppsøving – Deltaking i og behov for etter- og vidareutdanning. Ei kartlegging av personell utdanna ved lærarutdanninga i Volda i perioden 1970 – 2000*. Arbeidsrapport nr. 108. Volda: Høgskulen i Volda.

Sætre, F. (2003). *Etter- og vidareutdanning i kroppsøving – Behov, organisering, innhald og økonomi. Ei kartlegging av personell utdanna ved lærarutdanninga i Volda i perioden 1970 – 2000*. Arbeidsrapport nr. 139. Volda: Høgskulen i Volda.

OVERSIKT OVER FIGURAR OG TABELLAR

- Figur 1a. Fordeling av kr.øv.lærarar som underviser/ikkje underviser i friluftsliv i kroppsøvingstimane
- Figur 1b. Friluftslivsundervisning lagt til aktivitetsdagar i form av klasse-/skulefjellturar
- Figur 2a. Fordeling av kr.øv.lærarar som samarbeider/ikkje samarbeider med andre fag for å få til undervisning i friluftsliv
- Figur 2b. Tverrfagleg samarbeid; ein føresetnad for god friluftslivsundervisning
- Figur 2c. Fag som kroppsøvingslærarane samarbeider med m.o.t. friluftslivsundervisning
- Figur 3a. Haldning til friluftsliv frå administrasjonen si side
- Figur 3b. Haldningar frå kollegaer si side i høve friluftsliv
- Figur 3c. Tilrettelegging for uteskule ved eigen ungdomsskule
- Figur 3d. Respondentane si oppleving av friluftsliv som prioritert/ikkje prioritert emne ved ungdomsskulen
- Figur 3e. Respondentane si oppleving av friluftsliv som prioritert/ikkje prioritert fagområde hjå kroppsøvingslærarane ved eigen ungdomsskule
- Figur 3f. Kroppsøvingslærarane si kjensle av støtte/ikkje støtte frå kollegaer, ved planlegging/gjennomføring av friluftslivsopplegg ved eigen skule
- Figur 4a. Oppleving av eigen kompetanse til å undervise i friluftsliv i ungdomsskulen
- Figur 5a. Behov for etterutdanning innanfor fagområdet friluftsliv
- Figur 6a. Trivsel ved friluftslivsundervisning
- Figur 6b. Personleg interesse for fagområdet friluftsliv
- Figur 6c. Antal dagar pr. år informantane driv friluftsliv i fritida
- Figur 7a. Frekvensen av turar ei ungdomsskuleklasse har til naturområde i nærmiljøet pr. år
- Figur 8a. Antal overnattingsturar ein elev har i løpet av ungdomssteget
- Figur 8b. Antal overnattingar på kvar av turane
- Figur 8c. Overnattingsturar gjennomført i gangavstand frå skulen
- Figur 8d. Bruk av motorisert transportmiddel for å gjennomføre overnattingsturar
- Figur 8e. Type overnatting ved overnattingsturar
- Figur 9a. Type båtar lærarane nyttar i undervisningssamanheng.
- Figur 10a. Reine teoritimar i emnet friluftsliv
- Figur 10b. Friluftslivsteori knytt til turar
- Figur 10c. Respondentane si meining om teori som nødvendig/unødvendig i undervisninga
- Figur 10d. Bruk av lærebok i kroppsøvingsfaget

Figur 10e. Lærebok i kroppsøving som dekkjer/dekkjer ikkje emnet friluftsliv

Tabell 1a. Timar nytta til friluftslivsundervisning pr. år i ungdomsskulen fordelt på klassesteg

Tabell 1b. Prioritering av tid til fysisk aktivitet og helse, idrett, dans og friluftsliv i eiga undervisning

Tabell 2a. Den viktigaste årsaka til ikkje å drive friluftslivsundervisning i kroppsøvingstimane

Tabell 3a. Rammefaktorar som lærarane opplever som dei største hindera m.o.t. friluftslivsundervisning ved eigen skule

Tabell 4a. Utdanning innanfor kroppsøving på høgskule-/universitetsnivå

Tabell 4b. Utdanning innanfor friluftsliv på høgskule-/universitetsnivå

Tabell 5a. Type friluftsliv respondentane har absolutt størst behov for etterutdanning i

Tabell 6a. Grad av måloppnåing for 8. kl

Tabell 6b. Grad av måloppnåing for 9. kl

Tabell 6c. Grad av måloppnåing for 10. kl

Tabell 7a. Type friluftsliv som er presentert i undervisninga

Tabell 8a. Emne som vert prioritert i friluftslivsundervisninga

Tabell 9a. Type seglbåt nytta i undervisninga

VEDLEGG

1. Informasjonsskriv til rektorane ved ungdomsskulane
2. Spørjeskjema



**Høgskulen i Volda
Boks 500
6101 Volda**

30.10.2003



MØREFORSKING

Til rektor ved ungdomsskulen – distribusjon spørjeundersøking

I regi av Høgskulen i Volda og Møreforsking Volda skal eg gjennomføre spørjeundersøkinga; ”Friluftsliv i ungdomsskulen etter innføringa av L-97”. **Dei som skal svare på spørjeskjemaet, er lærarar som underviser i faget kroppsøving, på din skule.**

Bakgrunn:

Danskunni:
Etter innføringa av L-97 vart kroppsøvingssfaget delt i fire hovudemne i ungdomsskulen; fysisk aktivitet og helse, idrett, dans og friluftsliv. For oss som arbeider med emnet friluftsliv i høgskulen vart dette sett på som eit framsteg. Det gav legitimitet for studie i friluftsliv ved lærarutdannings-institusjonane. Ved Avdeling for Lærarutdanning ved Høgskulen i Volda har vi merka stor etterspurnad om etterutdanningskurs i friluftsliv frå grunnskulelærarar. I ei undersøking som underteikna gjennomførte hjå tidlegare studentar ved årseining kroppsøving, var friluftsliv det emnet som flest grunnskulelærarar ville ha tilbod om etterutdanning i. Ut frå desse vurderingane er det naturleg å sjå på kva som faktisk skjer ute i grunnskulane når det gjeld friluftslivsundervisning, og korleis dei som underviser i kroppsøving faktisk opplever friluftslivsundervisninga.

Undersøkinga vert gjort for å få meir kunnskap om friluftslivet sin plass i kroppsøvingfaget i ungdomsskulen, og for å lettare kunne planlegge/justere studietilboda våre innanfor fagområdet friluftsliv. Vi vil også lettare kunne planlegge relevante etterutdanningskurs for dei som underviser i friluftsliv. Totalt sett gir dette oss eit betre grunnlag for å ivareta idrettsfagleg utdanna personell sine yrkes- og utdanningsmessige interesser. Spørreskjemaet er sendt til alle ungdomsskular i Møre og Romsdal.

På bakgrunn av dette er eg svært takksam om du, eller den du delegerer ansvaret til, kan levere eit spørjeskjema til alle som underviser i kroppsøving ved din ungdomsskule (inkludert timelærarar og deltidstilsette).

I fylgjeskrivet til sjølve spørjeundersøkinga får kroppsøvingslærarane frist til tysdag 11. november på å returnere skjemaet til rektor, eller den rektor delegerer ansvaret til.

Dersom du kan sørge for at ferdig utfylte spørjeskjema vert returnert til meg innan fredag 14. november 2003 er eg svært takksam.

Det er sendt 7 spørjeskjema til kvar ungdomsskule. Skulle dette vere for lite er det fint om de kan kopiere slik at alle som underviser i kroppsøving kan svare.

Eg har lagt ved 4 adresserte og frankerte returkonvoluttar som du kan nytte. Du får plass til 2 skjema i kvar returkonvolutt, så dette skulle vere nok.

På førehand takk for innsatsen og ta kontakt om noko er uklart !

Frode Sæbø

Frode Sætre
Høgskulelektor kroppsøving
Tlf. 70075274 E-post: frode.satre@hivolda.no

2.



Høgskulen i Volda
Boks 500
6101 Volda



MØREFORSKING

Friluftsliv i ungdomsskulen etter innføringa av L-97

**Spørjeundersøking innanfor
kroppsøvingsfaget**

**Høgskulen i Volda
Møreforskning Volda
2003**

SPØRJEUNDERSØKING INNANFOR KROPPSØVINGSFAGET.
FRILUFTSLIV I UNGDOMSSKULEN ETTER INNFØRINGA AV L - 97

Kjære kollega !

Kan du hjelpe meg med kartlegging av friluftslivet sin plass i kroppsøvingsfaget etter innføringa av L-97 ?

Etter innføringa av L-97 vart kroppsøvingsfaget delt i fire hovudemne i ungdomsskulen; fysisk aktivitet og helse, idrett, dans og friluftsliv. For oss som arbeider med emnet friluftsliv i høgskulen vart dette sett på som eit framsteg. Det gav legitimitet for studie i friluftsliv ved lærarutdannings-institusjonane. Ved Avdeling for Lærarutdanning ved Høgskulen i Volda har vi merka stor etterspurnad om etterutdanningskurs i friluftsliv frå grunnskulelærarar. I ei undersøking som underteikna gjennomførte hjå tidlegare studentar ved årseining kroppsøving, var friluftsliv det emnet som flest grunnskulelærarar ville ha tilbod om etterutdanning i. Ut frå desse vurderingane er det naturleg å sjå på kva som faktisk skjer ute i grunnskulane når det gjeld friluftslivsundervisning, og korleis de som underviser i kroppsøving faktisk opplever friluftslivsundervisninga.

Undersøkinga vert gjort for å få meir kunnskap om friluftslivet sin plass i kroppsøvingsfaget i ungdomsskulen, og for å lettare kunne planlegge/justere studietilboda våre innanfor fagområdet friluftsliv. Vi vil også lettare kunne planlegge relevante etterutdanningskurs for dykk som underviser i friluftsliv. Totalt sett gir dette oss eit betre grunnlag for å ivareta idrettsfagleg utdanna personell sine yrkes- og utdanningsmessige interesser.
Spørjeskjemaet vert sendt til alle ungdomsskular i Møre og Romsdal.

Eg vil med dette be deg om å fylle ut og returnere det vedlagde spørjeskjemaet.
For å få eit mest mulig fullstendig bilde av friluftslivs-emnet sin plass i ungdomsskulen er det viktig at alle svarer - også dei som ikkje prioriterer dette emnet høgt.

Kvar enkelt av dykk som er med i undersøkinga vil verte registrert med nummer.
Denne framgangsmåten er valt for at eg skal vite kven som eventuelt ikkje har svart, slik at eg skal kunne purre desse.

Opplysningsane vert handsama konfidensielt.

Eg gjer merksam på at det er ei frivillig sak å ta del i undersøkinga og du kan la vere å svare på enkelte spørsmål i spørjeskjemaet. Vonar likevel at du vil ta del i undersøkinga.

Frankert og adressert returkonvolutt er sendt rektor ved din skule.

NB! Ver snill og lever skjemaet til rektor ved din skule, eller den person som rektor delegerer ansvaret til, innan tysdag 11. november 2003.
Alle utfylde skjema vert såleis returnert samla frå din skule.

På førehand takk for hjelpa !

NB! Dersom du ikkje ynskjer å ta del så returner skjemaet til rektor, så fort som råd.

Høgskulen i Volda 30.10.2003

Frode Sætre

Frode Sætre, kroppsøvingslærar

SPØRJEUNDERSØKING OM FRILUFTSLIVS - UNDREVISING I UNGDOMSSKULEN, ETTER INNFØRINGA AV L-97.

Underlagt teieplikt.

1) Kva årstal er du født? År: 19....

2) Kjønn? Mann ____ Kvinne ____

3) Namnet på ungdomsskulen? -----

4) Ligg ungdomsskulen i ein by eller ei bygd? By____ Bygd____

5) Antal elevar ved skulen?

10 – 50	____
50 – 100	____
100 – 200	____
200 – 300	____
300 – 400	____
400 +	____

6) Kor mange underviser i kroppsøving på din ungdomsskule? ____
(Inkludert timelærarar og deltidstilsette.)

7) Kva trinn i ungdomsskulen underviser du i kroppsøving? 8. kl. ____
9. kl. ____
10. kl. ____

8) a)Kva årstal tok du siste kompetansegivande utdanning i kroppsøving? ____
b)Kva årstal tok du siste kompetansegivande utdanning i friluftsliv? ____

9) Utdanning innanfor kroppsøving på høgskule-/universitetsnivå:

Set kun kryss for høgste utdanningsgrad:

- a) Ingen formell utdanning på høgskule/universitetsnivå ____
- b) Kroppsøving 5 vekttal (15 studiepoeng = $\frac{1}{4}$ årseining) ____
- c) Kroppsøving 10 vekttal (30 studiepoeng = $\frac{1}{2}$ årseining) ____
- d) Kroppsøving 20 vekttal (60 studiepoeng = årseining) ____
- e) Faglærarutdanning i kroppsøving med idrett mellomfag ____
- f) Hovudfag kroppsøving..... ____
- g) Anna universitets-/høgskuleutdanning. Spesifiser:.....

10) Utdanning innanfor friluftsliv på høgskule-/universitetsnivå:

Set kun kryss for høgste utdanningsgrad:

- a) Ingen formell utdanning innanfor friluftsliv..... ____
- b) Friluftsliv 10 vekttal (30 studiepoeng = $\frac{1}{2}$ årseining). ____
- c) Friluftsliv 20 vekttal (60 studiepoeng = årsstudium/mellomfag) ____
- d) Faglærarutdanning i kroppsøving m. friluftsliv mellomfag..... ____
- e) Hovudfag friluftsliv ____
- f) Anna universitets-/høgskuleutdanning. Spesifiser:.....

- 11) Korleis opplever du tradisjon/kultur ved skulen din i høve friluftsliv?
- Positiv/negativ haldning frå administrasjonen si side? Positiv _____ Negativ _____
 - Positiv/negativ haldning frå lærarkollegaer si side? Positiv _____ Negativ _____
 - Har skulen lagt til rette for uteskule – laga seg eit område der det er gapahuk, bålpllass, lavvo og liknande?.....Ja _____ Nei _____
 - Generelt; er friluftsliv eit prioritert emne ved din skule?.....Ja _____ Nei _____
 - Opplever du at friluftsliv er eit prioritert fagområde blant kroppsøvingslærarane ved din skule?..... Ja _____ Nei _____
 - Føler du støtte frå kollegaer under planlegging/gjennomføring av friluftslivsopplegg?.....Ja _____ Nei _____

- 12) Vert friluftslivsundervisninga lagt til aktivitetsdagar i form av klasse-/skulefjellturar?
- Ja, det er det eg har av friluftslivsundervisning....._____
 - Ja, men i tillegg har eg anna friluftslivsundervisning....._____
 - Nei, friluftslivsundervisninga vert ikkje lagt til aktivitetsdagar _____

- 13) Underviser du i emnet friluftsliv i dine kroppsøvingstimar? Ja _____ Nei _____

**Dei som svarar ja på spørsmål nr. 13) skal svare på dei neste spørsmåla:
Dei som svarar nei går vidare til spørsmål nr. 25).**

- 14) Korleis fordeler du tida di til desse delemna?: Prioriter frå 1 – 4.
- Fysisk aktivitet og helse _____
 - Idrett....._____
 - Dans....._____
 - Friluftsliv....._____
- 15) Kor mange timer vert nytta til friluftslivsundervisning i dine klasser pr. år?
Set eit kryss for kvart av klassestega du har undervisning på.
- | Timar: | 8. klasse | 9. klasse | 10. klasse |
|------------|-----------|-----------|------------|
| a) 0 – 10 | | | |
| b) 10 – 20 | | | |
| c) 20 – 30 | | | |
| d) 30 – 40 | | | |
| e) 40 + | | | |
- 16) Kor ofte har du turar med klassa/klassene til naturområde i nærmiljøet pr. år (dagsturar, halvdagsturar, dobbeltimar o.l.)?
Set eit kryss for det alternativet som høver.
- | Aldri | 1 tur | 2 turar | 3 turar | 4 turar | 5 turar + |
|-------|-------|---------|---------|---------|-----------|
| | | | | | |

- 17) a) Når har du overnattingstur/turar med klassa/klassene?
Set kryss for det/dei alternativa som høver.

Aldri	8.klasse	9.klasse	10.klasse

Dei som svarar Aldri på spørsmål nr.17a) går vidare til spørsmål nr.18.

- b) Vert overnattingsturane gjennomført i gangavstand frå skulen? Ja _____ Nei _____

- c) Brukar de motorisert transportmiddel for å gjennomføre overnattingsturar? Ja ___ Nei ___
- d) Korleis overnattar elevane ved overnattingsturar? I hytte ___ Enkel overnatting; telt o.l. ___
- e) Kor mange **overnattingsturar** har ein elev i løpet av ungdomssteget? Set kun eit kryss:

1	2	3	4+

- f) Kor mange **overnattingar** har de på kvar av turane? Set kun eit kryss:

1	2	3

- 18) På dette spørsmålet svarar du kun for det klassetrinnet du underviser på.
Kryss av på skalaen under spørsmålet/delmålet som uttrykk for grad av måloppnåing.
På skalaen for kvart delmål uttrykkjer: 0 = ingen måloppnåing, 1 = liten-, 2 = noko-,
3 = stor-, 4 = meget stor- og 5 = svært stor grad av måloppnåing.

- a) 8. klasse: L-97 har desse måla for friluftsliv i 8. kl.(skrift som er uthøva og i kursiv):
1. *Elevane skal tilegne seg kunnkap om og få røynsle med ulike måtar å bruke nærmiljøet på.*

Set eit kryss for grad av måloppnåing:

0	1	2	3	4	5

2. *Elevane skal få røynsle med turar på berrmark og sno, til dømes fottur, skitur, sykkeltur, skeisetur.*

Set eit kryss for grad av mål oppnåing:

0	1	2	3	4	5

3. *Lære livbergning i vatn. Øve seg i å nytte klede som flytemiddel, kunne livbergingshopp, ilandføring, loft på land, og fullstendig hjarte- og lungeredning.*

Set eit kryss for grad av måloppnåing:

0	1	2	3	4	5

- b) 9. klasse: L-97 har desse måla for friluftsliv i 9. kl.(skrift som er uthøva og i kursiv):
1. *Elevane skal oppleve kontakt og nærliek med naturen gjennom å planlegge og gjennomføre ein tur med overnatting i naturmiljø.*

Set eit kryss for grad av måloppnåing:

0	1	2	3	4	5

2. *Elevane skal utvikle forståing for kor sårbar og sterk naturen er.*

Set eit kryss for grad av måloppnåing:

0	1	2	3	4	5

3. *Elevane skal lære å ta ut og følgje kompasskurs og orientere seg i terrenget ved hjelp av turkart.*

Set eit kryss for grad av måloppnåing:

0	1	2	3	4	5

c) **10.klasse:** L-97 har desse måla for friluftsliv i 10. kl.(skrift som er uthøva og i kursiv):

1. Elevane skal få røynsle med å vere ute om vinteren.

Set eit kryss for grad av måloppnåing:

0	1	2	3	4	5

2. Elevane skal få høve til utfordringar som er både spennande og utfordrande.

Set eit kryss for grad av måloppnåing:

0	1	2	3	4	5

3. Elevane skal få høve til estetiske opplevingar.

Set eit kryss for grad av måloppnåing:

0	1	2	3	4	5

4. Elevane skal lære å vurdere terrenget m.o.t. sikkert vegval, rasjonering av eigne krefter, trygg ferdsel og miljøvern.

Set eit kryss for grad av måloppnåing:

0	1	2	3	4	5

5. Elevane skal lære om faktorar som kan løyse ut snøskred og om livbergning i samanheng med snøskred.

Set eit kryss for grad av måloppnåing:

0	1	2	3	4	5

6. Elevane skal øve seg i å lage naudbivuakk og levegg.

Set eit kryss for grad av måloppnåing:

0	1	2	3	4	5

19) a) Brukar de lærebok innanfor kroppsevingsfaget? Ja _____ Nei _____
b) Dersom de har lærebok, dekkjer denne emnet friluftsliv? Ja _____ Nei _____

20) a) Har de reine teoritimar om emnet friluftsliv? Ja _____ Nei _____
b) Legg de inn teori om friluftsliv på turane? Ja _____ Nei _____
c) Friluftsliv er erfaringsbasert og teori er unødvendig? Ja _____ Nei _____

21) Kva for type friluftsliv presenterer du i undervisninga di?

Kryss av for dei alternativa du har med i undervisninga:

- a) Nærmiljøfriluftsliv - friluftsliv med gang-/sykkelavstand frå skulen.......
- b) Kystfriluftsliv.....
- c) Friluftsliv i skog og mark på barmark.....
- d) Friluftsliv i høgfjellet/snaufjellet (vår, sommar, haust).....
- e) Vinterfriluftsliv.....
- f) Friluftsliv på bre.....

22) Kva for emne prioriterer du i undervisninga di? Set kryss ved alle emne som du gjennomfører i undervisninga:

- a) Bruk av kokeutstyr.....
- b) Bruk av bål.....
- c) Bygging av gapahuk.....
- d) Ulike typer telt.....
- e) Bruk av lavvo.....
- f) Orientering v.hjelp av kart.....
- g) Orientering v.hjelp av kart og kompass.....
- h) Naturkjennskap – planter – dyr OSV.....
- i) Bruk av robåt, kano, kajakk..... Type båt:.....
- j) Segling m. båt, seglbrett o.l..... Type seglfarkost:.....
- k) Fiske (snøre, trode, garn, line, oter, osv) _____
- l) Hauste frå naturen (bær, sopp, røter, osv) _____
- m) Klatring ute.....
- n) Klatring inne.....
- o) Bekledning.....
- p) Ver og vind
- q) Eldre tids bruk av natur (kulturspor).....
- r) Andre emne:.....

23) Tverrfagleg samarbeid.

- a) Samarbeider du med andre fag for å få til friluftslivsundervisning? Ja ___ Nei ___
- b) Kva for fag samarbeider du med? Kryss av for dei faga du har samarbeidd med:
1)Norsk ___ 2)Matte ___ 3)Samfunnsfag ___ 4)Kunst og handverk ___
5)Natur og miljøfag ___ 6)Engelsk ___ 7)Musikk ___ 8)Heimkunnskap ___
- c) Meiner du at tverrfagleg samarbeid er ein føresetnad for å få til god friluftslivsundervisning? Ja ___ Nei ___
- d) Dersom du svarar Ja på spørsmålet over; kvifor meiner du at tverrfagleg samarbeid er ein føresetnad for å få til god friluftslivsundervisning?
.....
.....
.....

24) Trivst du med å drive friluftslivsundervisning? Ja ___ Nei ___

Dei som underviser i friluftsliv i kroppsøvingstimane går vidare til spørsmål nr. 26.

25) For dei som ikkje underviser i friluftsliv i kroppsøvingstimane:
Kva er årsaka til at du ikkje legg inn friluftslivsundervisning i kroppsøvingstimane dine?
Skriv her den viktigaste årsaka:
.....
.....
.....

26) Opplever du at du har tilstrekkeleg kompetanse til å undervise i friluftsliv i ungdomsskulen? Ja ___ Nei ___

27) Har du behov for etterutdanningskurs innanfor fagområdet friluftsliv? Ja ___ Nei ___

Dei som svarar Nei på spørsmål nr. 27) går vidare til spørsmål nr. 29).

28) Kva for type friluftsliv har du absolutt størst behov for etterutdanning i? Set kun eit kryss.

- a) Nærmiljøfriluftsliv - friluftsliv med gang-/sykkelavstand frå skulen.......
- b) Kystfriluftsliv.....
- c) Friluftsliv i skog og mark på barmark.....
- d) Friluftsliv i høgfjellet/snaufjellet (vår, sommar, haust).....
- e) Vinterfriluftsliv.....
- f) Friluftsliv på bre.....

29) Kva for rammefaktorar meiner du er dei største hindera for å kunne gjennomføre friluftslivsundervisning ved din skule? Prioriter frå 1 - 3.

- a) Organisering av skuledagen.....
- b) Økonomi.....
- c) Utstyr.....
- d) Mangel på natur i skulen sitt nærområde.....
- e) For få timer i kroppsøvingsfaget pr. veke.....
- f) Har kun enkelttimar.....
- g) For mykje organisering/avtaling med andre i skolemiljøet for å få til friluftslivsundervisning.....
- h) Er kun ein lærar og det er då vanskeleg å få til friluftslivs-undervisning.....
- i) Vanskeleg å få til tverrfagleg samarbeid.....
- j) Andre grunnar:.....
Spesifiser:.....
.....
.....

30) Er du personleg interessert i fagområdet friluftsliv? Ja ___ Nei ___

31) Antal dagar pr. år du driv friluftsliv i fritida di?

- a) 1 – 5 dagar ___
- b) 5 – 10 dagar ___
- c) 10 – 20 dagar ___
- d) 20 – 50 dagar ___

Takk for at du tok deg tid til å svare !